

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 15.6.2020 kl. 09:30
Møtestad: Rådhuset – formannskapssalen

SAKLISTE

12/2020 Godkjenning av møtebok
13/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging
14/2020 Tertialrapport 1 - 2020
15/2020 Vurdering av prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18 eller e-post richard.nesheim@pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 8.6.2020

Njål Kaardal Golf
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 12/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 15.6.2020	Sak nr 12/2020
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 27.4.2020 vert godkjent.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	27.4.2020		Møtebok frå møtet 27.4.2020

Kontrollutvalet i Lærdal kommune**Møtebok****Møtedato:** 27.4.2020**Møtetid:** 12:30 – 15:00**Møtestad:** Rådhuset – formannskapssalen**Saksnr.:** 8/20 - 11/20

Følgjande medlemer møtte	Parti
Njål Kaardal Golf	Sp
Britt Bruflot Gram	Sp
Jens Rikheim	SV
Egil Natvik Vestrheim	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Guri Olsen	H	Gerd Anne Skalle	H

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Njål Kaardal Golf
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	Konstituert rådmann Lars Bogstad, Alf Magne Hjellum deltok i del av sak 9
Frå revisjonen møtte:	Rune Mydland frå KPMG deltok via digital løysing i sak 10
Utdelt i møte:	Presentasjon frå KPMG

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
8/2020	Godkjenning av møtebok		O
9/2020	Skriv og meldingar – saker til oppfølging		O
10/2020	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2019 for Lærdal kommune		O
11/2020	Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 8/2020 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.4.2020	8/2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå møtet 27.2.2020 vert godkjent.

27.4.2020 KONTROLLUTVALET

KON-8/20 VEDTAK:

Møteboka frå møtet 27.2.2020 vert godkjent.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 9/2020 Skriv og meldingar – saker til oppfølging

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 27.4.2020	Saknr 9/2020
----------------------------------	-----------------------	-----------------

Refererte skriv og meldingar:

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1		Rådmannen	Saksframlegg til formannskapet sak 87/20; Budsjettendring 2020
2	17.4.2020	NKRF	Loven om midlertidige unntak fra bl.a. kommuneloven og IKS-loven er fastsatt

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

27.4.2020 KONTROLLUTVALET

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet drøfta kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen i neste møte

Orienteringar i møtet:

Rådmannen/administrasjonen orienterte om følgjande saker:

1. Alf Magne Hjellum gjekk gjennom status for dei kommunale vassverka.

Lærdalsøyri vassverk har hovudkjelda i Ofta-elvi. Forsyner om lag 1200 abonnentar. Det er eit behandlingsanlegg – og eit høgdebasseng på 400 kubikk. Det er fleire utfordringar med vassverket. Det har liten reservekapasitet og dermed liten brannvasskapasitet. Det er utfordringar med kvaliteten på vatnet. I perioder blir vatnet gult. Ein må ha ein viss kvalitet på vatnet for å kunne reinse det gjennom UV-anlegget. I periodar med mykje farge på vatnet går difor kapasiteten på å produsere godt nok drikkevatt ned. Ein manglar ei tilfredsstillande reservevasskjelde (brukar i dag Lærdalselvi). Ein manglar reserve-straumløysing.

Håbakken Vassverk ligg i ein brønn under bakken. Dette er eit vassverk som består av berre ein brønn. Kapasiteten er 4 kubikk i timen. Vassverket har for liten kapasitet til å

forsyne Håbakken slik planane ligg føre for utbygging. Forsyninga frå brønnen er ikkje god nok. Slik brønnen står i dag er den utsett for forureining. Det er ingen reservekapasitet.

Vassverk i Saltkjelen er basert på brønnar i nærleiken av elva. Det er god kapasitet viss ein ser vekk i frå hagevatning. Vassverket kan forsyne om lag 600 personar. Det er montert inn UV-anlegg. Pumper held oppe trykket ut på nettet. Utfordringa er når straumen går. Då stoppar pumpene og ein mister vatnet.

Steinklepp Vassverk på Borgund. Dette forsyner sentrumsområdet på Steinklepp. Det er ingen behandling av vatnet, råvasskvaliteten er så god at der blir vatnet brukt slik det er. Vatnet blir pumpa opp i eit høgdebasseng. Ein bør ha eit UV-anlegg installert, men det er det ikkje per i dag.

2. Status på pågåande utbygging av VA-anlegg i kommunen

Alf Magne Hjellum orienterte om status. Nytt vassverk på Hauge skal forsyne både Lærdalsøyri og Håbakken. Kapasiteten blir mykje betre og vasskvaliteten blir betre. Vassverket er basert på grunnvatn. Det er lagt opp til naudstraumforsyning, slik at vassverket er operativt sjølv om straumen elles fell ut. Det skal gå ein vassledning frå Hauge og ned dalen som skal forsyne Lærdalsøyri og ein som skal forsyne Håbakken. Framdrifta skal ligge om lag 14 dagar etter framdriftsplanen. Anlegget er planlagt ferdig til juni 2021. Hjellum meiner at ein er innanfor budsjett. Ein har møtt på utfordringar med elvekryssing, der det var lagt opp til å bore under elva. Ein må difor grave over elva i staden for.

3. Oppdatering av status på sjukefråværet i kommunen

Hittil i 2020 er det 4 område med sjukefråvær på over 10 %.
Helse, vel 10 %, Flyktningtenesta, vel 11 %, Pleie og omsorg, vel 15% og Sogn LMS med vel 10%. Det er no tilsett 2 nye soneleiarar og ny einingsleiar i Pleie og omsorg. Sjølv om sjukefråværet er høgt ser rådmannen ein positiv trend frå mars til april.

Samla sett er fråværet i kommunen over 9 %.

4. Status på saka som ligg i KOFA

Kommunen har fått ei bot på kr 1 590 000 frå KOFA . Kommunen valte å godta bota, som utgjorde 10% av verdien av kontrakten. KOFA kan gje bot på 10% dersom det er skjerpande omstende, og 15% dersom det er eit grovt brot. I formildande retning for kommunen var at ein hadde ein avtale som var lyst ut. Men omfanget av innkjøpet gjekk ut over den førespegla ramma i avtalen.

Rådmannen opplyste om at ein har sett i verk prosessen med å få oppdatert innkjøps- og økonomireglementet. Dette arbeidet er blitt forsinka på grunn av korona-

situasjonen. Men ein har som mål om å få på plass nytt innkjøpsreglement og økonomireglement i løpet av året.

5. Rådmannen gjekk gjennom og orienterte om status på effektivering av vedtaka i kommunestyret i 2019. Det vart orientert om status på dei ein del av dei vedtaka som er gjort, men av ulike årsaker ikkje er følgt opp. Ein del saker kjem det oppdatering på til neste møte. Det vert sendt ut ein oversikt til kontrollutvalet i ettertid.
6. Rådmannen orienterte om kommunen sitt arbeid og beredskap i høve til COVID-19-situasjonen.

Kommunen var tidleg ute med å stenge alle kommunale bygg. Generelt har ein vore lojale mot dei sentrale føringane. Men nokon lokale tiltak har vore strengare. Mellom anna karantenevedtaket som vart gjort av alle kommunane i gamle Sogn og Fjordane fylke. Ting har gått fort og medført eit press på organisasjonen. Skular og barnehagar vart stengt på kort varsel. Kommunen var tidleg ute med å setje i verk besøksforbod på sjukeheimen. Per no har ein gitt løyve til å besøke pasientar som kan gå ut i hagen, der det er eit gjerde som skiller, samt besøk til pasientar som er i livets siste fase.

Det er oppretta ei kohort på Grandane Hotell. Dette er ein beredskap i tilfelle ein skulle kome i ein situasjon med mange smitta. Då vil ein kunne nytte hotellet som ein avlastning ved utskrivning frå sjukehus og før pasienten kjem heilt heim.

Kommunen har gått til innkjøp av ein heil del IKT-utstyr for å tilpasse seg situasjonen. Dette gjeld t.d kjøp av Teams (system for digital kommunikasjon), samt nettbrett til sjukeheimen.

Det har vore gjort ein del vurderingar i høve til heimekontor. Kommunen har ikkje pålagt tilsette å ha heimekontor, men ein har avgrensa tal personar på kantina til maks 5. Alle tilsette på rådhuset har egne kontor. Ein del av dei tilsette har hatt frivillig heimekontor. Rådhuset har vore stengt for publikum.

Kriseleiinga hadde i starten daglege møte, så to dagar i veka, no er det eit møte i kriseleiinga kvar veke.

Koronasituasjonen har teke mykje kapasitet. Ein del saker blir liggande lenger enn ein skulle ønske.

KON-9/20 VEDTAK:

Skriv og meldingar, samt orienteringssaker i møtet vert tekne til vitande.

Til neste møte ynskjer kontrollutvalet ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Status på oppfølginga av tilrådingane som kom i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i 2017

2. Status på gjennomføring av investeringsbudsjett, og endeleg sluttrekneskap for utbygginga av nye omsorgsbustader

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 10/2020 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2019 for Lærdal kommune

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.4.2020	10/2020

Framlegg frå sekretariatet:

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2019 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

27.4.2020 KONTROLLUTVALET

Sekretæren, rådmann og revisor gav sine kommentarar til rekneskap og årsmelding. Revisor opplyste kontrollutvalet om at driftsresultatet til kommunen vart påverka av ei utbetaling av om lag 7 mill kr som gjeld utbetaling til Helse Førde av innsamla midlar til MR-maskin. Denne utbetalinga er ført over driftsbudsjettet. Denne transaksjonen har ikkje noko med kommunen si drift å gjere og ein må difor korrigere netto driftsresultat, viss ein skal bruke dette til samanlikning med andre kommunar. Med bakgrunn i denne opplysninga, som ikkje sto i årsmeldinga, vil kontrollutvalet endre noko på si fråsegn til årsrekneskapen.

KON- 10/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2019 for Lærdal kommune, med dei endringar som fylgjer av at samanliknbart netto driftsresultat blir korrigert. Sekretæren sender over endeleg framlegg til godkjenning av medlemmene på epost. Fråsegna vert deretter sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 11/2020 Oppfølging i høve til plan for forvaltningsrevisjon

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	27.2.2020	7/2020

Framlegg frå sekretariatet:

Saka vert lagt fram utan tilråding, til drøfting og avgjerd i kontrollutvalet. Kontrollutvalet må vurdere om ein vil setje i gang bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på eksisterande plan for forvaltningsrevisjon, eller om kontrollutvalet vil utsette dette til ny plan for forvaltningsrevisjon er vedteken.

27.4.2020 KONTROLLUTVALET

I møtet vart det lagt fram opplysningar om at kommunestyret i Årdal har vedteke å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytt til Sogn LMS.

KON- 11/20 VEDTAK:

Kontrollutvalet vil til neste møte be revisor om å lage ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som tek utgangspunkt i prosjekt nummer 3 og 4 i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjeld forvaltningsrevisjon av heimetenesta og forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester. Kontrollutvalet vil på bakgrunn av denne prosjektplanen vurdere om ein skal setje i verk ein slik forvaltningsrevisjon.

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 13/2020 Skriv og meldingar - orienteringsaker

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 15.6.2020	Sak nr 13/2020
---	------------------------------	--------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriv og meldingar, samt orienteringsaker i møtet vert tekne til vitande. Nærare oppfølging av enkeltsaker må drøftast i møtet.

VEDLEGG

Skriv til orientering for kontrollutvalet

Nr.	Dok. dato	Avsendar	Tittel
1	08.06.2020	Styret i Okken Kraft AS	Utdrag frå årsrekneskapen og årsmelding for 2019
2	23.04.2020	Styret i Lærdal Energi AS	Utdrag frå årsrekneskapen og årsmelding for 2019
3	07.05.2020	Kommunestyret	Protokoll og saksframlegg til sak 35/20 i kommunestyret: Forvaltningsrevisjonsrapport om internkontroll og innkjøp i teknisk drift
4	04.06.2020	Formannskapet	Protokoll til sak 115/20 i formannskapet – Utvalsmoell
5	04.06.2020	Lærdal Senterparti ved leiar Viktor Yttri	Sak om val av styre for Lærdal Energi
6			Eigarskapsmeldinga til Lærdal kommune
7			Organisering av Lærdal kommune sitt eigarskap - oversikt
8		KS	Utdrag frå KS sine «Anbefalinger om eigarstyring»
9	04.06.2020	Formannskapet	Protokoll og saksframlegg frå formannskapet si handsaming av årsrekneskapen til Lærdal kommune

Okken Kraft AS og Lærdal Energi AS er to selskap der kommunen har store eigarinteresser og der kommunen kvart år budsjetterer med utbytteinntekter. Rekneskapane til selskapa er difor lagt ved til orientering. Rekneskapen til Okken Kraft Holding AS vert ettersendt når denne er klar.

Når det gjeld spørsmålet som er kome frå Lærdal Senterparti knytt til val av styre i Lærdal Energi AS (vedlegg 5) er dette eit spørsmål som kontrollutvalet må drøfte i møtet. Som grunnlag for denne drøftinga er det lagt ved kommunen si eigarskapsmelding, ein oversikt

over korleis Lærdal kommune sin eigarskap i kraftsektoren er organisert, samt utdrag frå KS sine anbefalingar om eigarstyring. Sekretæren vil undersøke nærare faktum i saka før møtet.

Drøftingssaker:

1. Kontrollutvalet bør drøfte kva saker ein ynskjer orientering om frå administrasjonen på komande møter i 2020

Orienteringar i møtet:

Til møtet har kontrollutvalet bedt om å få ei nærare orientering frå administrasjonen om følgjande saker:

1. Status på oppfølginga av tilrådingane som kom i forvaltningsrevisjonsrapporten om økonomistyring i 2017
2. Status på gjennomføring av investeringsbudsjett, og endeleg sluttregneskap for utbygginga av nye omsorgsbustader

Årsrapport for 2019

Årsregnskap

- Oppstilling av totalresultat
- Oppstilling av finansiell stilling
- Oppstilling av kontantstrømmer
- Oppstilling av endringer i egenkapital
- Noter

Revisjonsberetning

Verksemda si art

Okken Kraft AS driv med produksjon av kraft, selskapet har konsesjon og driftsansvar for Stuvane kraftverk, som gjennom avtalar forpliktar seg til å levere kraftverket sin frie produksjon til Østfold Energi AS fram til og med 2038. Stuvane kraftverk leverer også konsesjonskraft til Vestland Fylkeskommune (Lærdal kommune si tildeling), Vang og Hemsedal kommune.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Selskapet hadde salsinntekter i 2019 på kr 45 761 760.- på sal av kraft frå Stuvane kraftstasjon Vidareformidling av konsesjonskraft for Lærdal kommune og andre inntekter utgjorde i 2019 kr 148 332.-

Selskapet sitt driftsresultat vart i 2019 på kr 33 695 745.- før skattar. Selskapet sine driftskostnader består i stor grad av kostnader til innmating, kjøp konsesjonskraft, operatørvtale og forsikring. Selskapet er både inntekts- og grunnrenteskattelikte. Årsresultatet for 2019 viser et overskot på kr **15 703 177.- etter skatt**, selskapet sin soliditet er vurdert til å være svært god.

Styret meiner at det framlagde årsregnskapet gjev et rettvisande bilde over utviklinga og resultatet av føretaket si verksemd og stilling.

Framtidig utvikling

Etter styret si oppfatning gir dagens utvikling og strategiar godt grunnlag for vidare drift. Verksemda har i 2019 ikkje satt i gang forskings- eller utviklingsprosjekt. Styret har heller ikkje vurdert dette.

Kraftprisane i 2020 har hatt ein drastisk nedgang som kan gi et betydeleg svakare resultat i 2020 enn i 2019.

Verksemda er liten grad påverka Covid 19, men det ikkje mogeleg å spå dei meir langsiktige effektane. Selskapet har god soliditet og styret vurderer førebels ikkje dei potensielle effektane som kritiske, men følger situasjonen og vurderer tiltak fortløpande.

Fortsett drift

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3 stadfestar styret og dagleg leiar at føresetnaden for fortsett drift er til stades.

Arbeidsmiljø

Selskapet hadde 1 tilsett i 2019

Likestilling

Selskapet har ein mannleg tilsett. Styret har 5 møtande styremedlemmar, tre menn og to kvinner

Ytre miljø

Selskapet si verksemd er regulert av konsesjonar og krav som vert stilt av myndighetene. Det har ikkje førekomme brot på disse. Selskapet sin miljøpolitikk tek utgangspunkt i at ytre miljø skal handsamast skånsamt, og har som mål å redusere skadeverknad av verksemda i størst mogleg grad. Styret legg til grunn at all energiproduksjon har miljøulemper.

Atle Terum

Trond Øyen Einemo

Gro Starheimsæter

Leiv Aasen

Anne Stine Hovland

Oppstilling av totalresultat 01.01-31.12

	Note	2019	2018
Driftsinntekter			
Energisalg	2, 10	45 761 760	41 820 008
Annen driftsinntekt		148 332	416 778
Verdiendringer	10	8 233 000	3 304 000
Sum driftsinntekter		<u>54 143 092</u>	<u>38 932 786</u>
Driftskostnader			
Lønnskostnad	4	1 065 984	1 197 164
Avskrivning	5, 6	5 148 287	5 132 523
Annen driftskostnad	4	11 331 856	16 719 461
Sum driftskostnader		<u>17 546 127</u>	<u>23 049 148</u>
Driftsresultat		<u>36 596 965</u>	<u>15 883 638</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen finansinntekt		728 971	206 619
Annen finanskostnad	10	3 630 191	3 469 707
Netto finansposter		<u>-2 901 220</u>	<u>-3 263 088</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>33 695 745</u>	<u>12 620 550</u>
Skattekostnad på ordinært resultat	11	<u>17 992 568</u>	<u>11 761 924</u>
Årsresultat		<u>15 703 177</u>	<u>858 626</u>
Overføringer og disponeringer			
Utbytte		5 000 000	5 000 000
Overføringer annen egenkapital		10 703 177	-4 141 374
Sum disponert		<u>15 703 177</u>	<u>858 626</u>
Øvrige resultatelementer		<u>0</u>	<u>0</u>
Totalresultat for perioden		<u>15 703 177</u>	<u>858 626</u>

Oppstilling av finansiell stilling pr. 31. desember

	Note	2019	2018
Anleggsmidler			
<i>Immaterielle eiendeler</i>			
Fallrettigheter	5	158 971 000	158 971 000
Sum immaterielle eiendeler		<u>158 971 000</u>	<u>158 971 000</u>
<i>Varige driftsmidler</i>			
Kraftanlegg	6	270 225 263	273 644 743
Maskinelt utstyr	6	45 210 821	46 293 287
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner ol	6	288 833	294 609
Sum varige driftsmidler		<u>315 724 917</u>	<u>320 232 639</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringer i datterselskap	7	3 000 000	0
Lån til foretak i samme konsern	9	26 580 000	0
Investeringer i aksjer og andeler	8	3 323 022	3 323 022
Andre fordringer		103	103
Sum finansielle anleggsmidler		<u>32 903 125</u>	<u>3 323 125</u>
Sum anleggsmidler		<u>507 599 042</u>	<u>482 526 764</u>
Omløpsmidler			
<i>Fordringer</i>			
Kundefordringer		6 690 541	5 687 565
Andre fordringer		1 489 767	13 631 791
Sum fordringer		<u>8 180 308</u>	<u>19 319 356</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	3	<u>12 887 382</u>	<u>15 726 530</u>
Sum omløpsmidler		<u>21 067 690</u>	<u>35 045 886</u>
Sum eiendeler		<u>528 666 732</u>	<u>517 572 650</u>

Oppstilling av finansiell stilling pr. 31. desember

	Note	2019	2018
Egenkapital			
<i>Innskutt egenkapital</i>			
Aksjekapital	12	30 000 000	30 000 000
Overkurs		151 882 626	151 882 626
Sum innskutt egenkapital		<u>181 882 626</u>	<u>181 882 626</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital		10 703 177	0
Sum opptjent egenkapital		<u>10 703 177</u>	<u>0</u>
Sum egenkapital		<u>192 585 803</u>	<u>181 882 626</u>
Gjeld			
<i>Avsetninger for forpliktelser</i>			
Utsatt skatt	11	238 451 918	238 555 840
Andre avsetninger for forpliktelser	10	64 889 000	69 523 000
Sum avsetning for forpliktelser		<u>303 340 918</u>	<u>308 078 840</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld	9	5 642 785	3 571 631
Betalbar skatt	11	18 096 490	14 500 413
Skyldige offentlige avgifter	3	1 826 714	3 280 647
Annen kortsiktig gjeld		7 174 022	6 258 493
Sum kortsiktig gjeld		<u>32 740 011</u>	<u>27 611 184</u>
Sum gjeld		<u>336 080 929</u>	<u>335 690 024</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>528 666 732</u>	<u>517 572 650</u>

31. desember 2019
Lærdal, 8. juni 2020

Atle Christian Terum
styrets leder

Anne Stine Hovland
styremedlem

Leiv Aasen
styremedlem

Trond Øyen Einemo
styremedlem

Gro Starheimsæter
styremedlem

Knut Skår
daglig leder

Styret si årsmelding for Lærdal Energi – 2019

GENERELL OVERSIKT

Lærdal Energi AS har områdekonsesjon for Lærdal kommune. Lærdal Energi AS har ein historie tilbake til 1934 då L/L Lærdal Kraftverk vart skipa for å byggja ut vasskrafta ved Husum i Lærdalselvi.

2019 har vore eit stabilt driftsår med få feil i nettet. Det har vore ein del omkoplingar som følgje av oppgraderingar, men dette er primært gjennomført på nattetid.

Som følgje av at fleire kraftverk skal knytast til nettet i Lærdal er det starta ei historisk opprusting av linjenettet i Lærdal Energi. 66 KV linja mellom Stuvane transformatorstasjon og Borgund transformatorstasjon i tillegg til fleire km med ny 22 KV linje er under bygging. Samla skal det investerast for nær 100 millionar dei komande åra.

Elektrifisering av ferjesambandet Mannheller – Fodnes er påbegynt. Dette skal ferdigstillast våren 2020.

Utbrot av Covid 19 vil kunne gje sin verknad på framtidig drift. Det er ikkje mogeleg å estimera alle effektane av hendinga, men verksemda er solid og godt rusta likviditetsmessig for å kunne møte eventuelle utfordringar. Styret vurderer førebels ikkje dei potensielle effektane som kritiske, men følgjer situasjonen og vurderer tiltak fortløpande.

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen eit rett bilete av utviklinga og resultatet av organisasjonen si verksemd og stilling pr 31.12.19. Føresetnaden om framleis drift, jf. asl. §3, er lagt til grunn ved avlegging av årsrekneskapen.

3

ORGANISASJON - ADMINISTRASJON

Lærdal Energi er eit aksjeselskap med 330.000 kroner i aksjekapital fordelt på 3300 aksjar à kr. 100,-.

Dei største aksjeeigarane er Okken Kraft Holding AS med 50,15 % (1655 aksjar), Okken Kraft AS med 5,76% (190 aksjar) og Gjensidige Forsikring med 5,15 % (170 aksjar).

Aksjar eigde av styremedlemar:

Robert Øyen Einemo	7 aksjar
Jon Yttri	1 aksje

Generalforsamling

I Lærdal Energi AS vart generalforsamlinga halden i Lærdal Energi sine lokaler den 13.06.19. Det var representert 1.868 aksjar ved personleg frammøte og med fullmakt, noko som utgjer 56,60 % av aksjekapitalen. Generalforsamlinga handsama 10 saker. Generalforsamlinga fekk og ei orientering om drifta i selskapet og strategi og planar framover.

Styret

Selskapet vert leia av eit styre med seks representantar og vararepresentantar valde av generalforsamlinga. Ein representant med personleg vararepresentant vert vald for 1 år etter framlegg av og mellom dei tilsette. Styremedlemene vert valde for ein 2-års periode. På generalforsamlinga 2019 vart styret sett saman slik:

Styremedlemer:

Atle Terum, styreleiar
Gro Starheimsæter, nestleiar
Anne Stine Hovland
Robert Øyen Einemo
Kåre Mentz Lysne
Jon Yttri, tilsettrepresentant

Det er innført ordning med varamedlemer etter liste, bortsett frå styremedlem vald av dei tilsette. Denne har personleg varamedlem.
Det vart i 2019 halde 11 styremøter og det vart handsama 29 beslutningssaker.

Administrasjon, organisasjon

Lærdal Energi leverte administrative tenester til Aurland Energiverk AS, AKRAFT AS og Lærdal Aurland Grønnkraft AS.


Revisjon

Revisjonsarbeidet er utført av Ernst & Young AS ved Hanne Kverneland Nebo.

Personale

31.12.19 hadde verksemda 24 tilsette. Av desse var 1 tilsett på tidsavgrensa lærekontrakt.

Organisasjonsplan pr. 31.12.19



Medeigar i andre verksemdar og medlemskap i andre organisasjonar

AKRAFT AS er 100% eigd av Lærdal Energi. AKRAFT AS er medteke i konsernrekneskapet til Lærdal Energi AS.

Lærdal Energi er medeigar i Lærdal og Aurland Grønnkraft AS med 33,3% av aksjekapitalen, Kvemma Kraft AS med 34% av aksjekapitalen, SEIS AS (Samarbeidande Energiverk I Sogn) med 9,8% av aksjekapitalen, Soggenett AS med 10% av aksjekapitalen, Nettalliansen AS med 2,04% av aksjekapitalen og REN AS (Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet) med 0,23% av aksjekapitalen.

Lærdal Energi er medlem i KS Bedrift, Distriktsenergi og Bedriftshelse1.

EIGEDOMAR

Kraftverk

Då Husum Kraftverk vart lagt ned etter reguleringa av Lærdalsvassdraget, har ikkje selskapet drift i eige kraftverk. Lærdal Energi står framleis som eigar av kraftanlegget med dei rettar og plikter som dette medfører. Bygningen vert no nytta som trafostasjon og lager. Tidlegare produksjon får ein dekkja som erstatningskraft frå Borgund Kraftverk i ein avtale som varer ut 2036. Denne krafta vert seld i marknaden.

Overføringsanlegg 66 kV.

Lærdal Energi er direkte knytt til sentralnettet på Borgund (Lo) via ein trafo på 42 MVA 300/66 kV (T4) frå Statnett SF. Denne vart i 2019 skifta til ein på 80MVA av Statnett for å kunne ta imot auka kraftproduksjon. Lærdal Energi fekk i 2014 godkjend konsesjonssøknad for bygging av ny 66 kV leidning frå Lærdal Erdal til Borgund samt oppgradering av Lærdal sekundærstasjon. Denne konsesjonen vart søkt på nytt i juni 2019 og vart godkjent 13.01.2020. Vi har også hatt revisjon av 66kV brytarar i Borgund sekundærstasjon.

5

Distribusjonsnett

Det er installert utstyr for å sikre mot lynoverspenningar på i alt 3 nettstasjonar på Hemsedalsfjellet. Dette med bakgrunn at vi har hatt nokre hendingar med lyn i dette området. Det vart også starta eit prosjekt med installasjon av ny kabel frå Håbakken og ned til Lærdalsøyri sekundærstasjon. Dette for å kunne ta imot meir kraft frå nye kraftstasjonar samt gjensidig forsyning til Aurland gjennom Lærdalstunnelen. Det vil også legges til rette for auka framtid uttak for næringsområdet Håbakken.

Nettstasjonar.

Det er montert ny nettstasjon for lading av Tesla på Håbakken, samt at NS107 Gamleheimen er oppgradert både LS og HS i forbindelse med at LK har montert straumaggregat for Gamleheimen. For å auka personsikkerheita og driftsregulariteten er det starta eit prosjekt for nettstasjonsovervåking. Dette er eitt arbeid som har pågått over fleire år, og som vil bli slutført i 2020.

Lågspenninglinjer og kablar

Det er bygd ny LS linje opp til inntaket for Mork Kraftverk. Arbeidet elles har vore mindre ombyggingar og vanlege nytilknyttingar.

PRODUKSJON - OG DRIFTSTILHØVE

Produksjon

Vi får levert erstatningskraft frå Østfold Energi for tapt produksjon i Husum kraftverk. Dette er Lærdal Energi sin "produksjon". Etter eigen avtale skal Østfold Energi levere 450 kW med full driftstid til erstatning for den krafta Lærdal Energi kunne ha produsert i Husum Kraftverk. Det skal i tillegg leverast 40 HK frikraft til fordeling for erstatningspliktige fallrettar som kviler på Husum Kraftverk. Vi har ein avtale med Lærdal kommune om at vi sel kommunen si konsesjonskraft etter bestilling frå dei, samstundes som vi kjøper kraft bilateralt.

Driftsfeil

Drifta i nettet til Lærdal Energi har i 2019 vore stabil med lite utfall. Vi hadde utfall på avgang Øljustjøen som følgje av lynoverspenningar der vi i etterkant måtte skifte i alt 3 trafoar i nettstasjonar. Denne hendinga medførte ikkje så stor KILE-kostnad då vi fekk seksjonert ut feilen og fekk tilførsel frå Hemsedal Energi på det over feilstaden. I tillegg hadde vi ei hending med is som flytta ei bru med tilhøyrande høgspenkekablar på vegen til Eldrevatn kraftverk. Desse måtte skøyttast og leggst midlertidig om. Dette er i ettertid lagt om med ei permanent kryssing under elva slik at dette ikkje skal gjenta seg.


Utover dette har det berre vore mindre forstyrning på grunn av feil i nettet. Utkoplingar har stort sett vore planlagde i forbindelse med oppgradering av distribusjonsnettet. Det har i alt vore 25 veker utan hendingar på vakta.

Kraftutveksling

Lærdal Energi utvekslar kraft direkte med sentralnettet. Stuvane Kraftverk er tilkopla 66 kV linja vår ved Stuvane. Vi har i tillegg 5 mindre kraftverk, Vindedal Kraftverk, Kvemma Kraftverk, Nivla kraftverk, Eldrevatn Kraftverk, og Nedre Kvams Kvemma Minikraftverk, som leverar kraft inn i vårt distribusjonsnett.

I tillegg har vi moglegeheit for utveksling med Vang Energi over Filefjell, Aurland Energiverk AS via Lærdalstunnelen og Hemsedal Energi via eitt utvekslingspunkt på Hemsedalsfjellet.

NETTBALANSE 2019


Nettapp D-nett 4,04%	Nettapp R-nett 2,14%			Totalt nettapp 2,78%
Innmating av kraft: MWh	D-nett	R-nett	Sum	Graf 
Innmata frå Stuvane kraftverk	0	136 303	136 303	
Innmata frå Vindedal kraftverk	15 257	0	15 257	
Innmata frå N.Kvemma.MKV	779	0	779	
Innmata frå Kvemma kraftverk	9 897	0	9 897	
Innmata frå Eldrevatn kraftverk	24 457	0	24 457	
Innmata frå Nivla	8 171	0	8 171	
Innmata frå Statnett	0	0	0	
Øvrig innmating frå R-nett	25 221		25 221	
Øvrig innmating frå D-nett	0	30 653	30 653	
Netto utveksling med andre	187	0	187	
= Sum innmating	83 969	166 956	250 925	
Utlevering av kraft: MWh	D-nett	R-nett	Sum	
Leverert til Statnett	0	136 074	136 074	
Leverert til andre	5 247	2 087	7 334	
Leverert til R-nett	30 653	25 221	55 874	
Leverert til nettkundar	44 674	0	44 674	
Tap i nettet	3 395	3 574	6 969	
= Sum utlevering	83 969	166 956	250 925	
Nettapp i prosent	4,04%	2,14%	2,78%	

Straumleveringsvilkår


Vi bruker standard kontrakt om vilkår for tilknytning, nettleige og levering av elektrisk kraft utarbeidd av KS Bedrift i samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. Dette vart vedteke på styremøte 20.02.07. Kontraktformularet er lagt ut på heimesida vår. Dei som ber om det, kan få det tilsendt.

Tariffar i 2019

Tariffane våre vart kunngjorde i annonse i lokalpressa og utlagde på heimesida vår. Dei som ber om det, kan få tilsendt fullstendig tariffoppsett.



7



KUNDESERVICE

Måling og avrekning nett.

I 2019 har det vore bra byggeaktivitet i Lærdal. Talet på nettkontraktar viser noko vekst og pr. 31.12.2019 hadde selskapet 1984 nettkontraktar.

Det lokale eltilsyn

Det lokale eltilsyn har ført tilsyn med bustadar og hytter i tillegg til verksemdar og gardsbruk. Det er utført informasjonsarbeid retta mot 6. og 9. klasse samt større fokus på førebyggjande arbeid i verneområdet.

Det vert poengtert at det er kunden sjølv som har ansvar for tryggleik ved sitt elektriske anlegg, men at DLE sjølvsgatt stiller opp som rådgjevar for våre kundar.

HELSE OG MILJØ, FORSKING OG UTVIKLING, FORUREINING.

Helse og miljø

Målsettinga er å skape gode og trygge arbeidsplassar for alle tilsette og full likestilling mellom kjønna. Ved utgangen av 2019 var det 24 tilsette i verksemda. Av desse var 12 kvinner. Dette utgjør 50% av arbeidsstokken. For å ivareta arbeidsmiljøet gjennom Arbeidsmiljølova og krav til internkontroll, har Lærdal Energi mellom anna samarbeid med Bedriftshelse1.

Målet med diskrimineringslova er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og å hindre diskriminering basert på etnisk bakgrunn, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Selskapet arbeidar aktivt, målretta og planmessig for å fremje lova sitt mål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere, utviklingsmogelegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har også som mål å vera ein arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Ein har i året hatt ein del langtidsjukefråvær, men bortsett frå dette er det relativt lite sjukefråvær. I arbeidsgivarperioden viser kortidsfråværet året 2019 ein prosent på 1,41%.

Det er 2 kvinneleg medlem i styret i verksemda.

Forureining.

Selskapet forureinar ikkje meir enn vanleg for denne type verksemd. Ein nyttar ikkje PCB - olje til transformatorar og kondensatorar. Vanleg spillolje frå transformatorar vert levert til godkjent spesialfirma.

MARKNADSSITUASJONEN

Kraftomsetning

Lærdal Energi har kjøpt all kraft til kraftomsetninga si i marknaden.

Vi har også selt vår eigen "produksjon" og kommunen si konsesjonskraft. All kraft vi har levert er kjøpt inn via bilaterale kontraktar.

SAMFUNNSREGNSKAP

Samfunnsregnskapet viser korleis den økonomiske aktiviteten i Lærdal Energi skapar verdi og ringverknader for lokalsamfunnet i form av omsetning og verdiskapinga. Kor mykje skapar selskapet av verdi? Kva får fellesskapet igjen for verdiane selskapet skaper for eigarane, kundane og det lokale samfunnet?

I berekninga av samfunnsregnskap ser vi på:

- Direkte verknader - dette er driftsavhengige verknader som kan knyttast til verksemda som lønningar og skatt.
- Indirekte verknader - dette vert generert av etterspørsel som dei direkte verknadane fører med seg som varer og tenester kjøpt lokalt.
- Induserte verknader - dette viser korleis verksemda bidreg til økt produksjon og sysselsetting, og dermed til økte inntekter, både direkte og indirekte.

Samfunnsrekneskap for Lærdal Energi 2019 (tall i 1000 NOK)

Alle tall i '000 kr	Verdiskapinga
Direkte verknader:	14 981
Lønn etter skatt, pensjonskostnader og andre ytingar, tilsette busett i kommune/fylke	10 437
Skatt og avgifter til vertskommune	3723
Rente og avdrag ansvarleg lån	0
Utbytte snitt 10 år	621
Sponsormidlar til lag, foreiningar og kultur	200
Indirekte verknader:	
Varer og tenester kjøpt lokalt	4 565
Induserte verknader:	11 843 – 17 053
Sysselsettingsfaktor	11 843 – 17 053
Sum direkte, indirekte og induserte verknader	31 389 – 36 599

Modellen som er nytta er utvikla av Adapt Consulting på oppdrag av Distriktsenergi

Totale virkninger (direkte, indirekte og induserte)

31 389 – 36 599




Rekneskapen viser at Lærdal Energi bidreg med 30 - 37 millionar kroner årleg til lokalsamfunnet.

Nøkkeltall


Alle tal i 1000 NOK	2019	2018	2017	2016	2015
Inntektsramme	19 583	20 242	18 247	21 520	17 900
Driftsinntekter	185 950	216 246	172 776	127 400	101 998
Driftsresultat	15 552	2 931	-6 430	-1 676	2 384
EBITDA	21 487	8 668	14 102	1 664	5 572
Årsresultat	10 623	-318	-7 034	-2 621	838
Balansesum	138 699	161 073	150 819	110 525	94 499
Eigenkapital	43 106	34 636	35 135	42 469	45 240
Årets investeringar	10 401	11 002	17 208	11 956	8 741
Nettkapital	56 677	47 799	38 148	33 855	27 663
Referanserente NVE	5,69 %	6,10 %	6,12 %	6,32 %	6,32 %
Kapitalavkastning nett	3 225	2 945	2 358	2 161	1 766
Meir (-) / mindre (+) inntekt	757	-2 249	-1 969	4 388	4 544
Likviditetsgrad 2	1,24	0,82	0,89	1,46	1,13
Resultatgrad	9,75	3,03	-2,06	0,25	3,52
Gjeldsgrad	2,28	3,65	3,29	1,60	1,09

10


Driftsinntekter




Årsresultat



Nettkapital



Balanse 31.12.2019



Rekneskapen for 2019 syner eit ordinært resultat før skatt på kr 13.638.664,- for konsernet. Etter skattekostnad vert resultat kr 10.623.082,-.

Styret gjer framlegg om slik disponering:

Avsett til utbytte	kr	1.914.600,-
Avsett til vedlikehaldsfond	kr	0,-
Avsett til fri eigenkapital	<u>kr</u>	<u>8.708.482,-</u>
Sum overføringar:	<u>kr</u>	<u>10.623.082,-</u>

Verksemda sin disponering er vurdert forsvarleg også etter utviklinga i 2020.

Lærdal den 31. desember 2019
23. april 2020


Atle Christian Terum
Styreleiar


Gro Starheimseter
Nestleiar


Anne Stine Hovland
Styremedlem


Robert Øyen Einemo
Styremedlem


Jon Yttri
Styremedlem


Kåre Møritz Lysne
Styremedlem


Ørjan Bøyum
Dagleg leiar

11

Resultatrekneskap 2019

RESULTATREKNESKAP

Mor

Konsern

2019	2018	Note	Note	2019	2018
Driftsinntekter					
140 552 928	171 823 884			155 240 042	183 144 755
24 989 730	25 567 309	11,12		24 989 730	25 567 309
6 439 783	6 231 195			5 720 491	7 533 625
<u>171 982 441</u>	<u>203 622 388</u>			<u>185 950 264</u>	<u>216 245 689</u>
Driftskostnader					
-4 464 347	-4 667 533	3	3	-4 464 347	-4 667 533
138 355 262	179 597 889			140 648 869	182 559 372
13 216 044	16 077 134	3	3	16 124 629	19 934 715
3 009 498	2 739 134	4, 5	4, 5	5 935 283	5 737 391
7 069 707	6 819 712			12 153 535	9 751 088
<u>14 796 278</u>	<u>3 056 052</u>			<u>15 552 295</u>	<u>2 930 655</u>
Driftsoverskot					
				<u>15 552 295</u>	<u>2 930 655</u>
Finansinntekter og finanskostnader					
64 639	195 991			367 260	534 777
306 861	96 325			306 861	96 325
-2 572 487	-3 617 805			-2 572 487	-3 617 805
-14 985	0			-15 264	0
<u>12 580 305</u>	<u>-269 437</u>			<u>13 638 664</u>	<u>-56 047</u>
Ordinært overskot før skattekostnad					
				<u>13 638 664</u>	<u>-56 047</u>
Skattekostnad på ordinært resultat					
2 782 303	102 937	7	7	3 015 582	262 181
<u>9 798 002</u>	<u>-372 374</u>	10	10	<u>10 623 082</u>	<u>-318 228</u>
Overføringer					
1 914 600	0			1 914 600	0
7 883 402	0			8 708 482	-318 228
0	-372 374			0	0
<u>9 798 002</u>	<u>-372 374</u>	10	10	<u>10 623 082</u>	<u>-318 228</u>

12

Balanse pr. 31. desember 2019

Mor			Konsern		
EIGNEDELAR					
2019	2018	Note	Note	2019	2018
ANLEGGSMIDLAR					
Immaterielle egedeler					
0	0	4	4	11 029 767	11 557 000
1 031 320	628 174	4	4	1 031 320	628 174
1 053 589	3 835 892	7	7	3 302 855	6 259 519
<u>2 084 909</u>	<u>4 464 066</u>			<u>15 363 942</u>	<u>18 444 693</u>
Varige driftsmidler					
65 050 222	57 838 756	5, 6	5, 6	65 050 222	57 838 756
7 842 038	7 861 250	5, 6	5, 6	7 842 038	7 861 250
1 694 678	1 532 453	5, 6	5, 6	2 428 286	2 041 095
<u>74 586 938</u>	<u>67 232 459</u>			<u>75 320 546</u>	<u>67 741 101</u>
Finansielle anleggsmidler					
31 185 269	31 185 269	9	9	8 154 662	8 154 662
527 405	578 087			527 405	578 087
<u>31 712 674</u>	<u>31 763 356</u>			<u>8 682 067</u>	<u>8 732 749</u>
<u>108 384 522</u>	<u>103 459 881</u>			<u>99 366 555</u>	<u>94 918 543</u>
OMLØPSMIDLAR					
Varer					
833 575	817 786			833 575	817 786
Fordringar					
45 560 261	62 267 713	6,13	6,13	32 847 443	42 548 979
2 807 774	1 805 457	13		1 495 206	9 326 454
<u>48 368 035</u>	<u>64 073 170</u>			<u>34 342 649</u>	<u>51 875 433</u>
4 058 760	13 330 695	2	2	4 155 814	13 461 608
<u>53 260 370</u>	<u>78 221 651</u>			<u>39 332 037</u>	<u>66 154 827</u>
<u>161 644 892</u>	<u>181 681 532</u>			<u>138 698 593</u>	<u>161 073 370</u>

13

Balanse pr. 31. desember 2019

GJELD OG EIGENKAPITAL

Mor			Konsern		
2019	2018	Note	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL					
Innskoten egenkapital					
330 000	330 000	10	10	330 000	330 000
-10 900	-10 700	10	10	-10 900	-10 700
24 197 053	24 197 053	10	10	24 197 053	24 197 053
<u>24 516 153</u>	<u>24 516 353</u>			<u>24 516 153</u>	<u>24 516 353</u>
Opptent egenkapital					
10 218 520	10 218 520	10	10	10 218 520	10 218 520
30 597 233	22 743 632	10	10	8 371 250	-98 539
40 815 753	32 962 152			18 589 770	10 119 981
<u>65 331 907</u>	<u>57 478 505</u>			<u>43 105 924</u>	<u>34 636 334</u>
GJELD					
Avsetning for forpliktelser					
1 432 679	2 116 742	8	8	1 432 679	2 116 742
<u>1 432 679</u>	<u>2 116 742</u>			<u>1 432 679</u>	<u>2 116 742</u>
Annan langsiktig gjeld					
61 311 064	43 126 992	6	6	61 311 064	43 126 992
1 031 366	1 176 569	13	13	1 031 366	1 176 569
<u>62 342 430</u>	<u>44 303 561</u>			<u>62 342 430</u>	<u>44 303 561</u>
Kortsiktig gjeld					
0	29 849 298	6	6	0	29 849 298
20 922 025	27 117 942			21 280 700	28 292 352
3 075 402	6 559 019			3 467 806	6 791 387
8 540 449	14 256 465	13		7 069 054	15 083 696
<u>32 537 876</u>	<u>77 782 724</u>			<u>31 817 560</u>	<u>80 016 733</u>
<u>96 312 986</u>	<u>124 203 027</u>			<u>95 592 669</u>	<u>126 437 036</u>
<u>161 644 892</u>	<u>181 681 532</u>			<u>138 698 593</u>	<u>161 073 370</u>


Lærdal, 31. desember 2019

23. april 2020


Atle Christian Terum
styreleiar


Robert Oyen Einemo
styremedlem


Orlan Bøyum
dagleg leiar


Gro Starheimsæter
nestleiar


Jon Yttri
styremedlem


Anne Stine Hovland
styremedlem


Kåre Mentz Lysne
styremedlem



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/20	Kommunestyret	07.05.2020

Sakshandsamar: Jorunn Hatlevoll	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/430 - 2
---------------------------------	--------	-------------------------

Forvaltningsrevisjonsrapport om internkontroll og innkjøp i teknisk drift

Kort samandrag:

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Lærdal kommune har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon om internkontroll og innkjøp i teknisk drift.

Deloitte har undersøkt om eininga teknisk drift i Lærdal kommune tilfredsstillar grunnleggjande krav til internkontroll, og om organisering av og system og rutinar for innkjøps-arbeidet i eininga er føremålstenleg og i samsvar med lovar, reglar, kommunen sin fullmaksstruktur, samt eventuelle politiske føringar i kommunen.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til vedtaket frå kontrollutvalet.

07.05.2020 Kommunestyret

Kommunestyret viser til sak 3/2020 frå kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon av internkontroll og innkjøp i teknisk drift, og stør tilrådinga til vedtak. Frist for levering av statusrapport til kontrollutvalet blir sett til 1. oktober. Kommunestyret konstaterer at det er levert ein uvanleg kritisk revisjonsrapport og ber om at oppfølginga i kontrollutvalet også blir lagt fram til behandling i kommunestyret.

Røysting:

Framlegget frå Jan Olav Fretland (SV) vart samrøystes vedteke.

KS-035/20 Vedtak:

Kommunestyret viser til sak 3/2020 frå kontrollutvalet om forvaltningsrevisjon av internkontroll og innkjøp i teknisk drift, og stør tilrådinga til vedtak. Frist for levering av statusrapport til kontrollutvalet blir sett til 1. oktober. Kommunestyret konstaterer at det er levert ein uvanleg kritisk revisjonsrapport og ber om at oppfølginga i kontrollutvalet også blir lagt fram til behandling i kommunestyret.

Vedlegg:

Oversendingsbrev forvaltningsrevisjonsrapport frå kontrollutvalet til kommunestyret

Vedlegg 1 Møtebok frå kontrollutvalet - Sak 3-2020

Vedlegg 2 Saksframlegg til sak 3 Gjennomgang av forvaltningsrevisjonsrapport - internkontroll og innkjøp i teknisk drift

Vedlegg 4 Lærdal kommune - forvaltningsrevisjon av internkontroll og innkjøp i teknisk drift

Det vart gjort fylgjande vedtak i Kontrollutvalet 27.04.2020***KON-3/20 VEDTAK:***

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Deloitte.

I denne forvaltningsrevisjonen har Deloitte undersøkt om eininga teknisk drift i Lærdal kommune tilfredsstillar grunnleggjande krav til internkontroll, og om organisering av og system og rutinar for innkjøps-arbeidet i eininga er føremålstenleg og i samsvar med lovar, reglar, kommunen sin fullmaktsstruktur, samt eventuelle politiske føringar i kommunen.

Hovudkonklusjonen til revisor er følgjande:

Kommunen har innført kvalitetssystemet Compilo, men systemet er ikkje i tilstrekkeleg grad tatt i bruk i eininga teknisk drift.

Det er oppretta mål for tenestene som inngår i eininga, men desse er i liten grad operasjonaliserte. Kommunen har ikkje etablert tilstrekkeleg formalisert og kjend fordeling av ansvar, mynde og oppgåver, og det er i eininga ikkje eit overordna system for å etablere skriftlege rutinar.

Det er ikkje utarbeidd rutinar eller anna i kommunen som tydeleggjer kva som blir rekna som avvik som skal meldast i Compilo. Det er heller ikkje etablert system eller rutine for å diskutere avvik som er meldte i eininga eller for å gjere overordna analysar av meldte avvik.

Lærdal kommune har ikkje etablert skriftleg rutine for kor ofte og kva som skal rapporterast

frå einingane. I eininga teknisk drift er det ikkje etablert formelle møtepunkt mellom einingsleiar og fagleiarane i eininga.

Etter revisjonen si vurdering er arbeidet med innkjøp i eininga teknisk drift på fleire område ikkje tilfredsstillande. Det er utfordringar knytt til både prosessar, rutinar og regeletterleving i innkjøpsarbeidet.

Økonomireglementet og innkjøpsreglementet med vedlagte protokollar, er ikkje revidert sidan høvesvis 2001 og 2012, og er dermed ikkje i samsvar med gjeldande regelverk om offentlege anskaffingar. Vidare er det ikkje samsvar mellom den formelle oppgåvedelinga knytt til innkjøp slik denne er skildra i innkjøpsreglementet, og den faktiske ansvars- og rolledelinga i kommunen.

Innkjøpskompetansen er heller ikkje tilstrekkeleg, verken i sentraladministrasjonen eller i eininga teknisk drift. Kommunen har ikkje rutinar som sikrar opplæring i innkjøp, og det føreligg ikkje opplæringsplan på dette området. Kommunen gjennomfører heller ikkje i tilstrekkeleg grad interne kontrollar for å avdekke brot på regelverk for offentlege innkjøp.

Revisjonen har gjennomgått eit utval innkjøp som eininga teknisk drift har gjennomført i 2017 og 2018. Gjennomgangen viser at ikkje alle anskaffingane som skulle ha vore det blei konkurranseeksponert, og at ikkje alle anskaffingane er dokumenterte i samsvar med krav i regelverket. Kommunen bryt slik med fleire av dei grunnleggande prinsippa for offentlege anskaffingar. Det er òg risiko for at kommunen gjer innkjøp utanfor inngåtte rammeavtalar.

Basert på funna i undersøkingane tilrår revisjonen at Lærdal kommune set i verk følgande tiltak:

- 1. Sikre at kvalitetssystemet i tilstrekkeleg grad blir tatt i bruk, og at det inneheld vesentleg informasjon*
- 2. Formulere tilstrekkeleg operasjonaliserte mål for tenesteområda i eininga teknisk drift*
- 3. Etablere og tydeleggjere rollar og ansvar for internkontrollarbeidet i kommunen og i eininga teknisk drift*
- 4. Innføre system for å etablere skriftlege rutinar, og for jamleg gjennomgang og oppdatering desse*
- 5. Iverksette tiltak for å betre avviksmeldekulturen, og etablere system for å gjere systematiske og jamlege overordna analysar av avvik som er meldte i verksemdene*
- 6. Vurdere om det er tilstrekkeleg føremålstenlege møte- og rapporteringspunkt i eininga teknisk drift*
- 7. Sikre at retningslinjer for innkjøp er i samsvar med regelverket, og at arbeids- og ansvarsdeling for innkjøp blir praktisert som forutsett*

8. *Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen*

9. *Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette:*

a) *konkurransesponere anskaffingar i samsvar med regelverket*

b) *dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa*

c) *protokollere innkjøp i samsvar med regelverket*

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til konklusjonen frå forvaltningsrevisjonen. Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at det er stort rom for forbetring i høve til organisering for å sikre god internkontroll i eininga. Det er og vist til brot på regelverket om offentlege anskaffingar.

Kontrollutvalet vil rå til at tilrådingane i rapporten vert følgt opp og sett i verk i det vidare arbeidet med å sikre kvaliteten i internkontrollarbeidet i kommunen, samt for å sikre at kommunen føl regelverket for offentlege innkjøp i kommunen. Kontrollutvalet har merka seg at rådmannen i sitt høyrings svar sluttar seg til dei konklusjonar og tilrådingar som går fram av rapporten.

Kontrollutvalet vil be om at kommunen i oppfølginga av tilrådingane i rapporten må sjå til at dei tilrådingane som gjeld generelt for alle einingane i kommunen blir følgt opp i høve til den ein skilde eining.

Kontrollutvalet er kjent med at det blir arbeidd med nytt delegeringsreglement i kommunen. Dette meiner kontrollutvalet er svært viktig å få på plass og ber administrasjonen om å prioritere dette arbeidet.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet med å følgje opp tilrådingane og vil be om ein statusrapport hausten 2020.

Samrøystes



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
115/20	Formannskapet	04.06.2020
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Lars Bogstad	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/408 - 1
-----------------------------	--------	-------------------------

Utvalsmodell

Kort samandrag:

Eit partipolitisk notat har bede om ei utgreiing av ein utvalsvmodell. Notatet legg opp til innføring av tre utval i Lærdal kommune, i tillegg til formannskapet.

Rådmannen si tilråding:

Det vert oppretta eit utval for miljø og samfunnsutvikling. Utvalet vil ha ansvar for å følgje opp saker innanfor samfunnsutvikling og klimarelaterte spørsmål.

Utvalet vil bestå av ein leiar og fire medlemmer. Medlemene vil bli godtgjort etter reviderte arbeidsvilkår for folkevalde.

Delegasjonsreglementet skal i løpet av hausten tilpassast den nye organiseringa.

Kostnadane knytt til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste vert dekkja innanfor ramma til ansvar 100. Kostnadane knytt til administrasjon vert dekkja innanfor rammene på ansvara sekretær og sakshandsamarar tilhøyrer.

04.06.2020 Formannskapet

Framlegg frå Janne Marie Reppen (AP) :

Det vert oppretta eit utval for miljø og samfunnsutvikling. Utvalet vil ha ansvar for å følgje opp saker innanfor samfunnsutvikling og klimarelaterte spørsmål.

Det vert oppretta eit utval for levekår. Utvalet får ansvar for dei sakene som ville ha vore lagt til utval for oppvekst og helse og omsorg.

Utvala vil bestå av ein leiar og fire medlemmer. Medlemene vil bli godtgjort etter reviderte arbeidsvilkår for folkevalde.

Utvala skal ha same samansetning som formannskapet.

Delegasjonsreglementet skal i løpet av hausten tilpassast den nye organiseringa.

Kostnadane knytt til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste vert dekkja innanfor ramma til ansvar 100. Kostnadane knytt til administrasjon vert dekkja innanfor rammene på ansvara sekretær og sakshandsamarar tilhøyrrer.

Valutvalet får i oppgåve å kome med framlegg til medlemmar.

Framlegg frå Liv Signe Navarsete (SP):

Det vert ikkje innført utvalsmodell i Lærdal kommune. Formannskapet set ned ad hoc-utval for å utgreie saker når ein finn det føremålstenleg.

Handsaming i møtet:

Røysting:

Framlegg frå Janne Marie Reppen: for 4 røyster mot 1 røyst

Framlegg frå Liv Signe Navarsete : for 1 røyst mot 4 røyster

Framlegget frå Janne Marie Reppen vart vedteke med 4 mot 1 røyst

FS-115/20 Vedtak:

Det vert oppretta eit utval for miljø og samfunnsutvikling. Utvalet vil ha ansvar for å følgje opp saker innanfor samfunnsutvikling og klimarelaterte spørsmål.

Det vert oppretta eit utval for levekår. Utvalet får ansvar for dei sakene som ville ha vore lagt til utval for oppvekst og helse og omsorg.

Utvala vil bestå av ein leiar og fire medlemmer. Medlemene vil bli godtgjort etter reviderte arbeidsvilkår for folkevalde.

Utvala skal ha same samansetning som formannskapet.

Delegasjonsreglementet skal i løpet av hausten tilpassast den nye organiseringa.

Kostnadane knytt til møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste vert dekkja innanfor ramma til ansvar 100. Kostnadane knytt til administrasjon vert dekkja innanfor rammene på ansvara sekretær og sakshandsamarar tilhøyrrer.

Valutvalet får i oppgåve å kome med framlegg til medlemmar.

Til kontrollutvalet for Lærdal kommune.

SAK OM VAL AV STYRE FOR LÆRDAL ENERGI

Lærdal Senterparti vil med dette be om at kontrollutvalet føretek ein gjennomgang av korleis val av styremedlemer til Lærdal Energi sitt styre vart gjennomført i generalforsamlinga den 18.05.2020.

Bakgrunnen for at me vender oss til kontrollutvalet er at det har vore uvisst kven styreleiar i Okken Holding, Kåre Mentz Lysne, tala på vegne av då han føreslo å kaste sitjande styremedlem Gro Starheimsæter (Sp) og erstatte henne med Janne Marie Reppen (Ap). Valnemnda hadde med 2/3 fleirtal innstilt Gro Starheimsæter til vervet. Valnemnda er eit uheldig organ med oppgåve å plukke ut personar som dei så innstiller på val, og skal fungere uavhengig av styret og organisasjonen si leiing. Ulikt tidlegare år hadde ikkje valnemnda i år fått tilsendt styret si evaluering av eige arbeid, det låg heller ikkje føre noko attendemelding til valnemnda om at utført arbeid i styret ikkje var fullgodt.

I generalforsamlinga representerte styreleiar i Okken Holding fleirtalseigaren med 50,15% av aksjekapitalen. Etter hans framlegg og med hans røyst vart Janne Marie Reppen vald, dei andre eigarane som hadde møtt fram røysta for valnemnda si innstilling.

Spørsmålet er kven styreleiaren i Okken Holding snakka på vegne av? Det kunne ikkje vere Lærdal kommune, då verken kommunestyre eller formannskap hadde hatt saka til drøfting på noko tidspunkt. Det kunne heller ikkje vere på vegne av styret i Okken Holding, i og med at det heller ikkje var forankra der. Då står ein att med spørsmålet om det er Lærdal Arbeiderparti/ordføraren som har teke denne avgjerda. Det vart stadfesta i møtet at det var slik. Men har Lærdal Arbeiderparti noko mandat til å gjere det etter aksjelova eller gjeldande regelverk i Lærdal kommune?

Det er også verd å nemne at verken samarbeidspartneren til Arbeiderpartiet, SV, eller Høgre var informert om saka.

Tillit er viktig i politikken. Innbyggjarane skal kunne ha tillit til at makta dei gjev oss som politisk valde vert forvalta i tråd med lov og regelverk. Lærdal Senterparti ber difor Kontrollutvalet gå gjennom saka, gjere greie for kven styreleiaren i Okken Holding var talsperson for og sikre at lov og regelverk er godt kjent for politisk valde og dei ulike styra i energisektoren. Slik kan ein sikre klare rutinar for framtida.

Kontrollutvalet bør også drøfte om kommunestyret med utgangspunkt i vedteken eigarmelding årleg drøftar korleis eigarpolitikken for selskapa skal utøvast.

Lærdal 04.06.2020

Beste helsing

Lærdal Senterparti

Viktor Yttri
-leiar-



EIGARSKAPSMELDING 2018



LÆRDAL KOMMUNE

Eigarskapsmelding 2018. Lærdal kommune:

Innhald:

1 Kvikfor eigarskapsmelding

1.2 Kvikfor etablere andre rettssubjekt enn dei folkevalde organa etter kapitel 2 i kommunelova?

1.3 Kva vurderingar bør kommunen gjere i samband med spørsmålet om eit selskap bør etablerast og kva selskapsform som eventuelt skal veljast ?

2 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi

2.1 Definisjon

2.2 Godt eigarskap

3 Lærdal kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.

3.1 Openheit

3.2 Opplæring

3.3 Rapportering

3.4 Selskapsavtale og vedtekter

3.5 Tilsyn og kontroll

3.6 Eigarmøte

3.7 Godtgjering og registrering av styreverv

3.8 Habilitet

3.9 Ethiske retningsliner

4 Ulike organiseringsformer utanom kap.2 i kommunelova.

4.1 Vertskommunesamarbeid:

4.2 Kommunalt føretak (KF)

4.3 Interkommunalt selskap (IKS)

4.4 Aksjeselskap (AS)

4.5 Samvirkeføretak (SA)

4.6 Stifting

5 Kommunen sitt eigarskap i selskap som er eigne rettssubjekt

6 Framtidig organisering innan energibransjen i kommunen

6.1 Energikonsern

6.2 Dagens Struktur innan energibransjen i kommunen

6.3 Framlegg til konsernmodell

6.4 Konklusjon

Kvifor eigarskapsmelding

1.1 *Introduksjon*

Eigarskapsmeldinga skal vere eit overordna politisk styringsverktøy for tenester og verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt/organ enn dei folkevalde organa etter kommunelova kapittel 2. Slike tenester eller verksemder vert gjerne leia av eigne styre, ein vertskommune eller anna interkommunalt organ. I tillegg er kommunen medeigar i ei rekkje samanslutningar/selskap. Det er ulike årsaker til at kommunar vel å etablere/gå inn i slike selskap/samanslutningar. Generelt kan ein seie at det har vore ulike årsaker og motivar til Lærdal kommune sitt eigarskap i dei ulike selskapsformane kommunen deltek i.

Ei eigarskapsmelding sitt føremål er først og fremst å få ei god oversikt over det kommunale eigarskapet og å setje reglar som sikrar moglegheita for naudsynt folkevald styring av tenester og verksemder som er overlate til slike organ. Vidare bør behovet for kommunalt eigarskap i dei ulike selskapa vurderast, særleg i selskap der kommunen er medeigar.

1.2 *Kvifor etablere andre rettssubjekt enn dei folkevalde organa etter kapittel 2 i kommunelova?*

Dei folkevalde har ulike roller m.a.:

- Ombodsrolla
- Styringsrolla
- Leiarrolla
- Arbeidsgjeverrolla
- Eigarrolla

Eigarrolla skil seg frå dei andre rollane. Mogelegheita for dei folkevalde til å påverke tenester og verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt enn dei folkevalde organa etter kommunelova, vil i utgangspunktet vere avgrensa. Der aktuelle selskapet får direkte overføringar frå kommunen eller er avhengig av betalingsordningar som vert fastsett av dei folkevalde, vil påverknaden vere større. Her må ein likevel hugse på at føremålet med å etablere organ utanom dei folkevalde organa, ofte vil vere å avlaste desse og gjerne få spisskompetanse inn i dei ulike styra. Ein viser her til konklusjonane i punkt 6 som døme på selskap der det er behov for fagkompetanse i styra.

1.3 *Kva vurderingar bør kommunen gjere i samband med spørsmålet om eit selskap bør etablerast og kva selskapsform som eventuelt skal veljast ?*

Før ein vel å etablere eit selskap og eventuelt val av selskapsform, må følgjande tilhøve vurderast:

- Mogelegheit og ønskje om politisk styring av den aktuelle verksemda?
- Kva økonomiske plikter og risiko kommunen tek på seg i høve til selskapet si verksemd?
- Kvalitet og kvantitet på den kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjarane?
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- At reglar for offentleg anskaffingar vert følgde

2 Eigarskapspolitikk og eigarstrategi

2.1 Definisjon

Eigarskapspolitikk er dei overordna premissane Lærdal kommune legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigardelar i selskap. Eigarskapspolitikk er dei krav kommunen set til seg sjølv som eigar.

Ein eigarstrategi for selskapa ein kommune eig heilt eller deler av, er dei forventningar kommunestyret har til kvart einskild selskap.

Eigarstrategien skal klargjere forventningar til type avkastning, enten det er i finansiell forstand (utbytte) eller på annan måte. Vidare må risikoen med å etablere/delta i selskapet vurderast. Som naturleg del av tiltaksrolla kommunen har ovanfor næringslivet, vert det ofte forventa at kommunen går direkte inn i eigarrolle i selskap saman med dei private initiativtakarane for å få realisert større næringslivstiltak. Det same vert ofte forventa av kommunen når nøkkelbedrifter slit og treng ny frisk kapital, som aksjar eller tilskot. Det er ingenting i vegen for at kommunen stiller opp i slike situasjonar innanfor det regelverket som gjeld for offentleg støtte, men det er her svært viktig at det vert gjort nøye forundersøkingar/analysar før slike kommunale engasjement.

2.2 Godt eigarskap

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap, er å bidra til god forvaltning og utvikling av selskap og samarbeid i regionen. Ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsetjingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningslinjer til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane. Prinsippa gjeld uavhengig av selskapsform og kva for målsetjingar kommunen (kommunane) har med selskapet eller samarbeidet.

Eit bevisst eigarskap er ikkje nødvendigvis det same som aktivt eigarskap. Eigarstyringa må vere til det beste for selskapet. I dette ligg at kommunen og dei folkevalde veit kva dei vil med selskapet, at eigarstyringa er basert på kunnskap og diskusjonar og ikkje berre på styringsvilje.

3 Lærdal kommune sine prinsipp og strategiar for kommunalt eigarskap.

3.1 *Openheit*

Kommunen sitt eigarskap skal vere prega av openheit. Det er viktig at reglane i offentleglova vert følgd i den i den grad offentleglova gjeld for selskapet. Dette er regulert i offentleglova § 2. Denne lova regulerar vidare kva som skal reknast som dokument og i kva utstrekning ein kan unnta dokument, eventuelt deler av dokument frå offentlegheit. Det er viktig for omdøme og tilliten til selskapa og kommunen at dei som styrer selskapa kjenner og føl desse reglane.

3.2 *Opplæring*

Kommunalt eigarskap skal vere tema på folkevaldopplæring/informasjon i starten av kvar kommunestyreperiode. Roller, styringsliner og ansvarsfordeling skal vere sentrale tema i opplæringa. Eigarskap/eigarskapsmelding skal òg vere tema/sak på eitt kommunestyremøte tidleg i valperioden.

3.3 *Rapportering*

Kommunen si årsmelding skal innehalde eit oversyn over kommunalt eigarskap. Status og utvikling i viktige selskap skal omtalast i kommunen sin årsmelding, eventuelt i eiga melding. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar kommunestyreperiode verte førelagt ei ajourført eigarskapsmelding for drøfting.

3.4 *Selskapsavtale og vedtekter*

Selskapa sitt føremål skal gå fram av selskapsavtale/vedtekter. Føremålet med selskapet bør bli vurdert med jamne mellomrom. Det er særleg viktig at kommunestyret er medvitne om kor stor handlefridom styret har til å utvide/endre aktiviteten til verksemda.

3.5 *Tilsyn og kontroll*

Etter kommunelova § 80 , skal kontrollutvalet i kommunen føre kontroll med kommunale selskap , der kommunen, åleine eller saman med andre kommunar, har eigarinteresser. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for selskapskontroll som skal godkjennast av kommunestyret.

3.6 *Eigarmøte*

I tillegg til årleg generalforsamling/representantskapsmøte, bør det vere møte mellom selskapa og formannskapet med jamne mellomrom. For selskap som Lærdal kommune eig 100%, eller har dominerande eigarposisjon , bør det vere årlege eigarmøte med formannskapet. Det kan utarbeidast aksjonær-/eigaravtale som regulerar tilhøvet mellom eigarane.

3.7 *Godtgjering og registrering av styreverv*

Godtgjeringa til dei som sitt i styra skal reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Styreleiar bør godtgjerast særskild i høve til styremedlemmane.

3.8 *Habilitet*

Reglane om habilitet er regulert i kommunelova § 40 og forvaltningslova kap.2 Det er viktig for tilliten til det aktuelle selskapet at desse reglane vert følgde. Det er den aktuelle folkevalde/styremedlem sjølv som må syte for at eventuelle habilitetsspørsmål vert prøvd.

3.9 *Etiske retningsliner*

Kommunen skal sjå til at styra for større selskap utarbeidar og føl opp etiske retningsliner for drifta av selskapet.

4 Ulike organiseringsformar utanom kap.2 i kommunelova.

4.1 *Vertskommunesamarbeid:*

Vertskommunesamarbeid gjeld samarbeid om utøving av tenester mellom to eller fleire kommunar og er heimla i kommunelova § 28a. Ein av kommunane, vertskommunen, utfører den aktuelle tenesta for alle kommunane som er med i samarbeidet.

Kommunelova regulerar fire formar for vertskommune samarbeid;

-
- Vertskommunesamarbeid med eige styre (§ 27)
- Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28b)
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28c)

- Interkommunalt samarbeid er først og fremst eit alternativ til tradisjonell kommunal organisering i etatar/einingar der volum, fagleg kompetanse, sårbare tilbod er utfordringar.

- Vertskommune samarbeid kan og i ein del tilfelle vere eit alternativ til anna selskapsorganisering. Samarbeidet mellom Aurland, Årdal og Lærdal om felles landbrukskontor, er eit døme på slikt vertskommunesamarbeid

4.2 *Kommunalt føretak (KF)*

Kommunalt føretak er ein måte å organisere kommunal verksemd på, heimla i lov av 22. juni 1999. Eit kommunalt føretak er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er en del av kommunen og underlagt kommunestyret. Både stifting og oppløysing av kommunale føretak blir vedteke av kommunestyret. Reglane for kommunale føretak tek sikte på å vere eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Kommunalt føretak skal leiast av styre og dagleg leiar. Okken Kraft Lærdal KF var eit kommunalt føretak inntil våren 2018.

4.3 Interkommunalt selskap (IKS)

Denne selskapsforma gjeld samarbeid mellom fleire kommunar og/eller fylkeskommunar etter lov om interkommunalt selskap (IKS) av 29.01.1999. Interkommunale selskap er eigne rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. IKS skal ha styre og representantskapet er selskapet sitt øvste organ.

Simas IKS er eit døme på eit IKS

4.4 Aksjeselskap (AS)

Reglane om aksjeselskap er regulert i Lov om aksjeselskap (aksjelova) av 13.06.1997. Aksjeselskap er eit eige rettssubjekt, eigd av aksjonærane. Ved aksjeselskapsforma, heftar ikkje aksjonærane for selskapet sine skuldnarar med anna enn innskoten kapital, dersom då ikkje aksjeeigar gjev garantiar. Eit aksjeselskap skal ha styre og generalforsamlinga er øvste organ.

Lærdal Energi AS er døme på aksjeselskap der kommunen eig meir enn 50 % av aksjane. Okken Kraft AS vart omdanna til aksjeselskap i 2018 der kommunen eig 100% av aksjane.

4.5 Samvirkeforetak (SA)

Eit samvirkeforetak er ei samanslutning med fleire deltakarar som har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som avtakarar, leverandørar eller som på andre måtar har økonomisk interesse i deltaking. Deltakarane heftar ikkje for selskapet sine skuldnarar med innskoten kapital. Samvirkeforetaket skal ha styre og årsmøte er øvste organ. Nettverket Kongevegen over Filefjell er døme på samvirkeforetak.

4.6 Stifting

Reglane om Stiftingar er regulert i lov om stiftingar av 15.06.2001.

Ei stifting skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokon eigarar eller deltakarar. Stiftingar er sjølv eigande. Når ei stifting er oppretta, har stiftarane ikkje lenger direkte råderett over verdiane som er overført til stiftinga. Styret er som hovudregel øvste organ i ei stifting. Margit Annette og Hans A. Nesse minnefond er døme på stifting der Lærdal kommune er tilgodesett.

5 Kommunen sitt eigarskap i selskap som er egne rettssubjekt

Selskapet namn	Eigardel	Kort om føremål
Lærdal Energi AS	51,30%	Sjå fotnote 1 og kapittel 6
Okken Kraft AS	100,00%	Sjå fotnote 2 og kapittel 6
Lærdal Næringsutvikling AS	65,93%	Arbeide aktivt for å fremje næringslivet i Lærdal
Norsk Villakssenter Reiseliv AS	100,00%	Drive og eige reiselivsattraksjonen Norsk Villakssenter.
Visit Sognefjorden AS	110.000 kr	Felles sals- marknadføring og kompetanseorgan for reiseliv
Sogneprodukter AS	1,30%	Gjennom arbeidsretta tiltak skape grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv
Simas IKS	6,65%	Løyse eigarane sine oppgåver innan avfallshandtering.
Stiftelsen Nors Villkassenter		Formidle kunnskap om naurlege føresetnader for villkassen
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS		Alarmsentral for kommunane i Sogn og Fjordane.
Vitensenteret i Sogn og Fjordane	110.000 kr	
Sogn Lab	9,50%	Kjemisk og mikrobiologisk laboratorium for eigarkommunane
Sogndal kulturhus	10.000 kr	
Margit Annette og Hans A Nesse Minnefond		Legat som tilgodeser bebruarane ved bebruarane ved Lærdal bu og omsorgsheim.
Hans Eggum Minnefond		Legat som tilgodeser bebruarane ved Lærdal bu og omsorgsheim.

- (1) Lærdal kommune eig totalt 56,2% i Lærdal Energi AS, gjennom sitt eigarskap i Okken Kraft AS som har 4,9% eigarskap i Lærdal Energi AS
- (2) Okken Kraft AS fekk ved omdanning i 2018 tilført verdiane av Stuvane som tinginnskot, dette vart lagt inn som ein aksjekapital på kr 30 000 000 og ein overkurs på kr 160 024 000

6 Framtidig organisering innan energibransjen i kommunen

6.1 *Energikonsern*

Det var satt ned ei arbeidsgruppe i 2017 og på nyåret 2018 la arbeidsgruppa fram eit forslag for å samle Lærdal Kommune sine interesser i energisektoren til eit konsern. Bakgrunnen for dette er at det er ein betydeleg kraftproduksjon i Lærdal kommune og kommunen er ein stor aktør i deler av denne.


Energisektoren i form av produksjon, distribusjon, og marknad er i stor utvikling og omorganisering for tida. Både innanfor regulatoriske forhold, men og kraftmarknaden er i stor endring. Eit konsern vil kunne forvalte og vidareutvikle energiselskapa i Lærdal kommune, bidra til å vidareutvikle eit berekraftig lokalsamfunn, og gje ein optimalisert og føreseieleg avkastning til kommunen.

Dette vil gje eit auka potensiale innanfor fylgjande områder:

- **Samfunn**
Skape arbeidsplassar i konsernet, men og gjennom auka innleige av tenester frå lokalsamfunnet
Ta vare på og forvalte noverande arbeidsplassar lokalt
Utvikla og byggja kompetanse
- **Finansiell styrke**
Basecase prognosar gjev solide framtidige finansielle posisjoner for energikonsernet, noko som vil gje føreseielege og optimaliserte inntekter til Lærdal kommune
- **Naturressurs**
Forvalte og utvikle Lærdal kommune sine naturressursar
Bidra med samfunnsengasjement og være ein støttande aktør for lokale kulturaktivitetar og -arrangementet
- **Drift**
Eit energikonsern med større organisasjon/ verksemd kan samarbeide og utvikle erfaring/kompetanse som bidreg til diversifisering, og evne til å handtere risiko
- Optimalisering av interne organisatoriske prosessar og investeringar
- **Arbeidsgruppa la følgjande føresetnadar:**
- **Kompetanse**
Forretningsmessig fokus for å bygge kompetanse hos leiing og øvrig organisasjon.
Organisatoriske synergieffektar
Uavhengig og profesjonelt styre som skal kunne fungere støttande for leiinga
- **Kapital**
Ulike verksemdsområde med tanke på kapitalavhengigheit og kapitalgenerering
Investeringsbehov for å oppretthalde noverande verksemd og for auka verdiskaping
- **Friheit**
Friheit og handlingsrom for å kunne handtere risiko

- **Samarbeid**
Dra nytte av kompetanse på tvers av organisasjonane, og utvikle et interessant og attraktivt fagmiljø, i ein større organisasjon

6.2 Dagens Struktur innanfor energibransjen i kommunen




Øvrige eigarskap i Lærdal Energi AS:

Kvemma Kraft AS	34,0%
Lærdal og Aurland grln kraft AS	33,3%
Sognet AS	10,0%
Seis AS	9,8%
Nettalliansen AS	2,4%
Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet AS	2,4%

Øvrige Eigarskap i Okken Kraft AS:

Tynjadalen kraft AS	50,0%
Fosseteigen Kraft AS	50,0%

Framlegg til konsernmodell:




6.3 Konklusjon


Ut frå vurderinga i denne meldinga og intensjonen bak at Okken Kraft vart omskipa frå kommunalt føretak til aksjeselskap og vurderingane til nemnde arbeidsgruppe, bør Okken Kraft AS kjøpe Lærdal kommunen sine aksjane i Lærdal Energi AS. Dette vil gje kommunen ei eingongsutbetaling utan at kommunen mister kontrollen over selskapet. I det ein viser til tidligare punkt i meldinga, er det viktig at styret i Okken Kraft AS har god fagleg samansetning og at det bør leggest vekt på at styret skal representere røynsle og kompetanse på felt som er relevante for eit energikonsern. Her kan spesielt nemnast kompetanse innan forretningsutvikling, juss, økonomi og marknad.

Eit slikt styre må få utvikle eit konsern, der dei forskjellige områda kan reindyrkast på eit forretningsmessig nivå som vil gje Lærdal kommune føreseielege og auka inntekter og arbeidsplassar.

Organisering av kraft interessene i Lærdal kommune fram til 19 juni 2019



Okken Kraft Holding AS
 Kåre Mentz Lysne (styrelseiar)
 Atle Terum
 Gro Starheimseter
 Anne Stine Howland
 Morten Karlisen
 1. vara – Trond Øyen Einemo
 2. vara – Siri Lagmannsås



1) Endeleg fordeling av fallrettane blir avgjort i jordskiferetten. Okken kraft sin fallrett blir kjøpt frå Per Øvrevoll.



Kommunen bør ha en åpen og klart uttrykt eierstrategi for sitt eierskap i ulike selskaper.

konkurransutsatte delen ut i et eget selskap. Dette utelukker ikke i seg selv ulovlig offentlig støtte, men vil kunne gjøre virksomheten mer transparent og dermed gjøre det lettere å påvise at det ikke skjer.

ANBEFALING 4: **UTARBEIDELSE AV**

EIERSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.

Disse prinsippene bør gjenspeile selskapet sett i sammenheng med kommunens totale virksomhet og være kommunisert og tilgjengelig, ikke bare for selskapets organer, men også for kommunens innbyggere. Eierskapsmeldingen gir også et godt grunnlag for en politisk gjennomgang av all virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter. Eierskapsmeldingen skal behandles i kommunestyret. Eierskaps-

meldingen skal primært omhandle selskapene der kommunen er hel- eller deleier, men bør også reflektere styringen av de interkommunale samarbeidene.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

En eierskapsmelding vil sikre et grunnlag for nødvendige styringssignaler til selskapene og tydeliggjøre de folkevalgtes ansvar. Den vil også bidra til å skaffe oversikt over kommunens samlede virksomhet og bidra til mer åpenhet overfor omverden.

Det bør også utarbeides en felles eierskapsmelding hvis kommunen er medeier i flere selskaper sammen med andre kommuner. En slik eierskapsmelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig.

ANBEFALING 5:

UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGS-DOKUMENTER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

Kommunen bør ha en åpen og klart uttrykt eierstrategi for sitt eierskap i ulike selskaper.

Når kommunestyret har valgt å legge en del av sin virksomhet inn i et selskap, medfører det også overføring av styringsrett til virksomheten. Oppgaven til selskapets styre og administrasjon er å trekke opp virksomhets- og forretningsstrategien innenfor en ytre ramme som er trukket opp av eieren/eierne. Det er denne ytre rammen som er eierstrategien, og innenfor den skal selskapet ha betydelig grad av spillerom. Selskapsstrategier er en felles betegnelse for strategiene som har sin forankring i selskapet.

Vedtektene for aksjeselskaper og kommunale foretak, samt selskapsavtalen for IKS regulerer viktige sider ved selskapenes og det kommunale foretakets rettsforhold. Hovedintensjonen er å regulere forholdet mellom eierne og mellom eierne og selskapet, eller interne forhold i virksomheten. For å underbygge vedtektene/ selskapsavtalen og regulere styringen kan det

være hensiktsmessig å utarbeide andre styringsdokumenter. Disse er ikke lovfestet, men er ment å sikre bevist eierstyring og å tilstrebe åpenhet og gjennomsiktighet i kommunal tjenesteproduksjon når den er organisert i selskaper. Det er først og fremst eierne, det vil si de folkevalgte, som har behov for slike dokumenter.

ANBEFALING 6:

EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

Noen ganger har eierne behov for å diskutere strategier seg imellom uten å treffe formelle beslutninger, og dette bør kunne gjøres uten å måtte innkalle til møte i generalforsamlingen eller representantskapet etter de formelle reglene i loven. Et eiermøte er ikke lovregulert og er bare en uformell arena der det ikke skal treffes vedtak. I tillegg bør det ikke legges føringer eller «gis signaler» i eiermøtene som kan anses å gripe inn i styrets myndighetsområde. Eiermøtene er uforpliktende for eierne og for selskapet.

”

Avhengig av selskapets formål,
anbefales det som en hovedregel
at kommunestyret oppnevner
sentrale folkevalgte som selskapets
eierrepresentanter i eierorganet.



ANBEFALING 7: 

EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

Samhandlingen mellom kommunestyret og eierorganet er ikke regulert. Eierstyringen skal skje gjennom eierorganet for selskapene og gjennom kommunestyret for foretakene. For selskapsformene AS og IKS bør det for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eierorganets myndighet, etableres forutsigbare kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eierorganet som forankres i eierskapsmeldingen.

Oppnevning av sentrale folkevalgte til eierorganet vil bidra til å forenkle samhandlingen og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eierorganet. Aksjeloven sier ikke noe om hvem som skal møte som aksjonær. Ordfører eller andre kommunestyrerepresentanter må gis fullmakt for å kunne stemme på generalforsamling. Medlemmer av et representantskap (IKS) er valgt av kommunestyret etter kommunelovens regler, og i motsetning til aksjeloven, kan ikke andre møte etter fullmakt. Det bør derfor utnevnes vara-medlemmer for representantskapsmedlemmene.

Dersom formålet med selskapet er rene driftsoppgaver er det ingen ting i veien for at administrasjonen sitter i eierorganet.

ANBEFALING 8: 

GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

Styreleder og daglig leder har plikt til å delta på generalforsamlingen i aksjeselskap. Andre styre-medlemmer har rett, men ikke plikt. Revisor har rett til å være tilstede og noen ganger plikt når de saker som skal behandles gjør dette nødvendig. For interkommunale selskap har styrets leder og daglig leder plikt til å være tilstede på representantskapsmøtet. Dette gjelder ikke for revisor, men det anbefales å følge aksjelovens regler på dette punkt.

Gjennom IKS-loven er representantskapet tillagt flere oppgaver enn generalforsamlingen i et aksjeselskap. Representantskapet skal fastsette budsjett, økonomiplan og regnskap. Vedtak om salg eller pantsetting av fast eiendom eller andre større investeringer er også tillagt representantskapet. Disse bestemmelsene gir i utgangspunktet representantskapet større innflytelse over forvaltningen av selskapet enn generalforsamlingen i et aksjeselskap.

ANBEFALING 9: **INNHOLD****SAMMENSETNINGEN
AV STYRET**

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

Styret skal gjenspeile og representere selskaps behov og bør ha forskjellig og supplerende kompetanse innen økonomi, organisasjon og om markedet som selskapet opererer i. Videre bør styret inneha faglig innsikt og ha en interesse for selskapets formål.

Kommunen må selv definere hva slags kompetanse og kapasitet som forventes av styremedlemmene. Et godt utgangspunkt for denne vurderingen kan være selskapets formålsparagraf, de langsiktige strategiene som er lagt for selskapet og situasjonsbestemte forhold de nærmeste årene. Det bør tilstrebes en sammensetning med komplementær kompetanse og erfaring. Det er viktig å oppnevne styremedlemmer som kan sikre styrets kontrollfunksjon overfor daglig leder.

Styreverv i selskaper er et personlig verv. Medlemmer av selskapsstyret representerer bare seg selv, ikke noen av eierne, og skal ivareta selskapets interesser til det beste for alle eierne. Det betyr at man ikke representerer verken partier, kommunen eller andre interessenter, men ivaretar selskapets interesser og eierne kollektivt på best mulig måte, ut fra selskapets formål og innenfor lovens rammer.

Det understrekes at loven ikke er til hinder for

at folkevalgte kan velges til styremedlemmer. Forståelse og erfaring fra det politiske systemet i kommunene kan være en viktig kompetanse som styret bør besitte.

Når det er spørsmål om å velge folkevalgte eller ansatte i kommunen til styremedlemmer i selskaper kommunen har eierandeler i, bør kommunen vurderer hvor ofte vedkommende vil bli inhabil. Dersom inhabilitet vil inntre ofte, må det vurderes om dette vil gjøre det u hensiktsmessig å velge den aktuelle personen til styremedlem. Typisk gjelder dette der det er snakk om sentrale folkevalgte eller ansatte i lederstillinger. Om ulempene ved å velge slike personer til styremedlemmer overstiger behovet for å ha den aktuelle personen i styret er en vurdering som kommunestyret selv bør gjøre.

ANBEFALING 10: **INNHOLD****VALGKOMITE OG
STYREUTNEVNELSER**

Ved valg av styret til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

Representantskapet/generalforsamlingen bør velge leder av valgkomiteen. I selskap med flere eierkommuner bør valgkomiteen sammensettes slik at den reflekterer eierandelene.

Ordningen med valgkomite er ikke lovregulert, og den bør derfor vedtektsfestes, alternativt nedfelles i selskapsavtalen. Videre anbefales det at det utarbeides retningslinjer som regulerer deres arbeid. Det anbefales også at valgkomiteen har en

dialog med styret før forslag fremmes, og at valgkomiteen begrunner sine forslag.

Eier står fritt til å endre styresammensetningen uavhengig av valgperioden. Hele styret bør normalt ikke skiftes ut samtidig, for å sikre kontinuitet og videreføring av kompetanse. Det kan derfor være hensiktsmessig med overlappende valgperiode for ulike styremedlemmer.

ANBEFALING 11:

KJØNNSMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

I henhold til IKS-loven § 10 er det krav om tilnærmet 40 % kjønnsrepresentasjon i styrene. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av aksjene i selskapet. Dette følger av kommuneloven § 80a.

ANBEFALING 12:

RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskaps måls. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor

anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret anbefales det at styret etablerer følgende rutiner:

- Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
- Foretar en egenevaluering hvert år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gis opplæring om ansvar, oppgaver og rollefordeling.
- Gjennomfører egne styreseminarer om roller, ansvar og oppgaver.
- Fastsetter en årlig plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gir en samlet redegjørelse for selskapets styring og ledelse i en årsrapport.

ANBEFALING 13:

STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styre.

Styret i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap utgjør generalforsamling i datterselskap. Bestemmelsen er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Særlig må man være oppmerksom på problemstillinger knyttet til anbud og inhabilitet dersom ett av selskapene inngir anbud til et annet selskap i samme konsern.

ANBEFALING 14:

**OPPNEVNELSE AV
VARAREPRESENTANTER**

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Lowerket gir mulighet for å utpeke enten personlige eller numeriske vara. Anbefalingen om numerisk vara er gitt ut i fra behovet for kontinuitet og kompetanse. Det anbefales også at 1. varamedlem blir invitert til styremøtene for på den måten å sikre best mulig kompetanse og kontinuitet.

ANBEFALING 15:

HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskaper.

Inhabilitet inntreffer blant annet når en person antas å ha personlige interesser i utfallet av en sak som skal behandles, og som antas å ha påvirkning på vedkommende sine vurderinger under behandlingen av saken.

At en person er inhabil innebærer at vedkommende ikke kan tilrettelegge saksgrunnlaget eller treffe avgjørelser i en sak. Forvaltningsloven fastslår blant annet at en person er inhabil når han leder eller har en ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling, for et selskap som er part i saken, eller en forening,

sparebank eller stiftelse som er part i saken. Ingen kommunalt ansatte eller folkevalgte skal håndtere saker i kommunen som gjelder et selskap der de selv er styremedlem. Dette gjelder uansett om selskapet er privat eid eller helt eller delvis offentlig eid.

Inhabilitet kan også oppstå for styremedlemmer, slik at de blir inhabile til å behandle en sak i selskapets styre. Dette er regulert i den enkelte selskapslov.

ANBEFALING 16:

GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

Styremedlemmer bør ikke påta seg særskilte oppgaver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Det anbefales at styremedlemmer ikke omfattes av selskapets incentiv-/bonusordninger, da dette vil kunne påvirke deres uavhengighet.

Godtgjørelsen bør reflektere styrets økonomiske og strafferettslige ansvar, i tillegg til kompetanse, tidsbruk og virksomhetens kompleksitet. Dette innebærer at honorar i selskaper som opererer i et marked og hvor det er betydelig risiko, bør reflektere dette ansvaret. Generelt bør styreleder godtgjøres høyere enn styremedlemmene. Det anbefales at selskapene gjør en konkret vurdering av behovet for styreforsikring for styremedlemmene. Forsikringen gjelder det økonomiske ansvaret, ikke det strafferettslige.

Aksjeloven gir generalforsamlingen ansvar for å fastsette godtgjøring til styremedlemmene. I et IKS er det representantskapet som fastsetter godtgjøringen til styremedlemmene, og det er kommunestyret eller fylkestinget selv som fastsetter godtgjøringen til styret i foretak (KF).


Når det gjelder godtgjøring til representantskapet i et IKS, anbefaler KS at deltakerkommunene fastsetter og utbetaler denne til sine medlemmer i representantskapet i interkommunale selskaper.

ANBEFALING 17: 

REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

Det anbefales at kommunen registrerer vervene for allment innsyn. Kommuner er som folkevalgte organer avhengig av allmennhetens tillit når det gjelder både forvaltning og styring. Åpenhet rundt hvilke andre roller lokalpolitikere har i samfunnslivet er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding. Registrering i kommunesektorens eget styrevervregister vil i seg selv skape økt bevissthet om de ulike rollene en lokalpolitiker har og herunder være til nytte ved vurdering av representantenes habilitetssituasjon. Det finnes også andre aktuelle registre for slik registrering.



ANBEFALING 18: 

ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTS-SUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

Ved utskilling av virksomhet i selvstendige rettssubjekter er det aktuelle selskapet ikke lenger tilknyttet kommunens lønns- og avtaleforhold gjennom det kommunale systemet. Svært mange selskaper fortsetter å benytte det kommunale avtaleverket uten at de egentlig har et partsforhold i det. Så fremt ingen av partene ser dette som problematisk vil utfordringen først komme opp for arbeidsgiver dersom det oppstår konflikt eller det vil være behov for juridisk bistand eller bistand i forbindelse med forhandlinger.

ANBEFALING 19: 

UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Kommunale selskaper forvalter fellesskapets ressurser. Forvaltningen skal skje på en måte som samsvarer med befolkningens oppfatninger om rett og galt. Kommunenes omdømme vil derfor i økende grad også avhenge av hvordan en forvalter sitt samfunnsansvar gjennom sine bedrifter. Det finnes ikke et fasitsvar på hva samfunnsansvarlig forretningsdrift er. Dette må

defineres for det enkelte selskap. Etikk er en viktig del av de vurderinger som gjøres i forbindelse med det å drive et selskap, fordi de etiske holdningene legger grunnlaget for hvordan man faktisk handler. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeides i det enkelte selskap. Retningslinjene bør diskuteres og eventuelt revideres årlig.

ANBEFALING 20: **RETNINGSLINJER**

SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

Kommunale foretak er ikke et selvstendig rettssubjekt, men en del av kommunen. Styret er direkte underordnet kommunestyret, men organisasjonsformen har en selvstendig stilling sammenliknet med kommunen for øvrig. Administrasjonssjefen har ingen styringsrett overfor foretakene, og daglig leder er underordnet styret i foretaket. Administrasjonssjefen kan like fullt instruere daglig leder om at iverksettelsen av en sak utsettes til kommunestyret har behandlet den aktuelle saken. Videre skal administrasjonssjefen i saker som behandles i kommunestyret, gis anledning til å uttale seg før styret i foretaket treffer vedtak.

Administrasjonssjefen eller dennes stedfortreder og medlem av kommune- eller fylkesråd kan ikke velges til styret i kommunale foretak. Med «dennes stedfortreder» siktes det til personer som, i tillegg til administrasjonssjefen, har fullmakt til å

beslutte utsatt iverksettelse etter Kommuneoven § 72 nr. 1 annet punktum. Dette må vurderes konkret for de aktuelle personene i kommunen. Det kan være personer som har det som en del av sine oppgaver å tre inn i administrasjonssjefens fullmakter, for eksempel i administrasjonssjefens fravær, og personer som har disse fullmaktene i bestemte kommunale foretak som faller innenfor hennes eller hans ansvarsområde. Det er kun stillinger i den kommunen hvor vedkommende har rollen som administrasjonssjef, dennes stedfortreder, eller er kommuneråd eller fylkesråd bestemmelsen gjelder. Det er fullt mulig å ha styremedlemmer i kommunale foretak som har slike roller i andre kommuner eller fylkeskommuner.

ANBEFALING 21: **REGNSKAPSKONTROLL**

UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskaper.

Kontrollutvalget skal på kommunestyrets vegne påse at det føres kontroll med kommunens eierinteresser i selskapene. Kontrollutvalget har derfor en viktig rolle i kommunens kontroll med selskapene. Det er viktig at kontrollutvalget sikres gode nok rammebetingelser slik at de har mulighet til å utøve sin funksjon på en god måte.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valg-



Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.

perioden utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret. Det anbefales at planen angir hvilke eierinteresser og selskaper som vil kunne være aktuelle for kontroll, og i hvilken grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalget avgjøre rapport til kommunestyret om gjennomførte kontroller samt resultatene av disse.

Det anbefales at kommunestyret innenfor rammen av kommunelovens bestemmelser fastsetter regler og etablerer rutiner for selskapskontrollen, herunder hvilke dokumenter som uoppfordret skal sendes kontrollutvalget med angivelse av hvem denne plikten påhviler.

De kommunale foretakene er en del av kommunen som juridisk person og faller inn under kontrollutvalgets generelle ansvar for å påse at kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte, og at det utføres forvaltningsrevisjon av den kommunale virksomheten i samsvar med kommunelovens bestemmelser. Det anbefales at de kommunale foretakene blir viet

oppmerksomhet når plan for forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet utarbeides og vedtas av kommunestyret.

I note til årsregnskapet skal kommunen opplyse om hvordan den samlede virksomheten i kommunen er organisert. Blant annet skal det opplyses om kommunen har opprettet kommunale foretak, er deltaker i interkommunalt samarbeid eller deltakere i interkommunale selskaper eller har eierinteresser i aksjeselskaper. Dette bør ligge lett tilgjengelig for de folkevalgte og innbyggerne.

For at kontrollutvalget skal kunne ivareta sine tilsyns- og kontrolloppgaver i selskaper, gir kommuneloven § 80 kontrollutvalget en vidtgående rett til opplysninger og innsyn i selskaper som kommunen i sin helhet eier alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner. I kommuner med flere eiere bør eierne koordinere sin kontrollvirksomhet, slik at ikke mange eiere iverksetter kontrolltiltak uten å koordinere dette med de andre. Det bør derfor være en dialog mellom eierkommunene om hvordan en skal drive selskapskontrollen med selskaper der flere kommuner er eiere.

Kontrollutvalgets oppgave i forbindelse med selskapskontroll er todelt; en obligatorisk del som benevnes eierskapskontroll og en frivillig del som kan omfatte forvaltningsrevisjon. Eierskapskontroll innebærer en vurdering av eierskapsutøvelsen og forhold knyttet til rapportering og informasjonsflyt fra et eierperspektiv. Det er opp til kommunestyret å avgjøre om selskapskontrollen også skal omfatte forvaltningsrevisjon som innebærer systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut i fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/20	Formannskapet	04.06.2020
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Reidar Johnsen	Arkiv:	Arkivsaksnr. 20/458 - 4
-------------------------------	--------	-------------------------

Rekneskap 2019

Kort samandrag:

Rekneskapen for 2019 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 6.805.462,42. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Mindreforbruket i drift blir føreslege tilført disposisjonsfondet.

Rådmannen si tilråding:

Rekneskapen for 2019 blir godkjent.

Mindreforbruk i drift på kr 6.805.462,42 blir tilført disposisjonsfondet.

04.06.2020 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-104/20 Vedtak:

Rekneskapen for 2019 blir godkjent.

Mindreforbruk i drift på kr 6.805.462,42 blir tilført disposisjonsfondet.

Vedlegg:

Revisjonsmelding 2019

Rekneskap 2019

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for Lærdal kommune 2019

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 14/2020 Tertian rapport 1 - 2020

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 15.6.2020	Saknr 14/2020
---	------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Tertian rapporten for 1. tertial vert teken til vitande.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	04.06.2020	Lærdal kommune	Saksframlegg og vedtak i formannskapet i sak 103-20: Tertian rapport 1 - 2020
2	Ikkje datert	Lærdal kommune	Tertian rapport 1 – 2020

Sakstilfang:

Tertian rapporten:

Tertian rapporten viser ein prognose på samla meirforbruk/lågare inntekter i høve til budsjett på 2,3 mill. kr. Det går fram av innleiinga til rapporten at leiarane i kommunen er utfordra på tett kostnadskontroll for å halde prognosa.

Dei største negative avvika i høve til budsjett ligg på:

Ansvar 131 Helse

Negativt avvik på kr 1 691 000

Underskotet skuldast fleire forhold. Auka utgifter på legesida på grunn av at ein har hatt inne ein ekstra lege i samband med korona-situasjonen. Det har og vore auka kjøp av medisinsk forbruksmateriell på grunn av innkjøp av smittevernustyr og desinfeksjonsmiddel. Det har og vore reduserte inntekter av di pasientar har vore oppmoda om å avbestilla timar som ikkje var naudsynte. I tillegg til dette har ein hatt inne vikarar frå vikarbyrå på grunn av permisjonar og sjukmeldingar. Fysioterapitenestea har og hatt reduserte inntekter på grunn at redusert aktivitet.

Ansvar 133 Pleie og omsorg

Negativt avvik på kr 2 409 000.

Meirforbruket skuldast både redusert brukarbetaling på grunn av lågare belegg enn budsjettet, samt at det var budsjettet med for høgt snitt for nivået på brukarbetaling. I tillegg har ein hatt mykje bruk av overtid som følgje av at ein har hatt fleire vakante stillingar som sjukepleiarar/vernepleiarar. Også i heimesjukepleien har ein hatt vakante stillingar som ein har måtte dekke opp

med ekstravakter/overtid. Det har og vore langtidssjukemeldingar som har generert behov for ekstravakter frå dei andre tilsette.

Det er elles både positive og negative avvik på dei andre ansvarsområda,. Einingane ligg samla sett an til eit overforbruk på om lag 2,1 mill. kr.

På andre inntekter er nettoverknaden av endringane ei reduksjon i inntektene på om lag 0,2 mill. kr. Ein får høgare inntekter frå rammetilskot, men lågare skatt på inntekt og formue, samt lågare for konsesjonskraft



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
103/20	Formannskapet	04.06.2020
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Lars Bogstad	Arkiv: K1-240	Arkivsaksnr. 20/423 - 8
-----------------------------	---------------	-------------------------

1. tertial 2020

Kort samandrag:

Me har laga prognose ut frå stoda pr 30.04.2020. Prognosen bygger på rekneskapsførte tal fram til 30.04., det me veit om inntekter og utgifter som vil kome resten av året, og ein prognose på forbruket resten av året.

Rådmannen si tilråding:

Tertialrapporten for Lærdal kommune vert teken til vitande.

Budsjettet på Ansvar 162 vert auka med kr 2.240.000.

Investeringsbudsjettet vert redusert med kr 16.105.000, etter tabell i tertialrapporten. Låneopptak og bruk av bundne investeringsfond vert redusert tilsvarande.

04.06.2020 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS-103/20 Vedtak:

Tertialrapporten for Lærdal kommune vert teken til vitande.

Budsjettet på Ansvar 162 vert auka med kr 2.240.000.

Investeringsbudsjettet vert redusert med kr 16.105.000, etter tabell i tertialrapporten. Låneopptak og bruk av bundne investeringsfond vert redusert tilsvarende.

Vedlegg:

Tertialrapport

Tertialrapport 1-2020

Saksutgreiing

Tertialrapporten syner eit overforbruk på einingane tilsvarende kr 2.128.231. Etter justering for endringar i inntekter vert avviket i forhold til budsjett kr 1.910.820.

I tillegg kjem kostnaden for tvangsmulkt som følgje av dom i KOFA. Lærdal kommune vart i mars ilagd ei tvangsmulkt tilsvarende kr 1.590.000 for brot på regelverk om offentleg anskaffelse. I tillegg til tvangsmulka vil det vere ein kostnad knytt til forlik med entreprenør. Samla konsekvens for kommunen vert anslagsvis kr 2.240.000. Ansvar 162 må difor tilførast kr 2.240.000 i budsjettet for 2020.

Under føresetnad om at prognosa pr 1. tertial held vil avsetning til disposisjonsfond (inkl. vedlikehaldsfond) bli redusert til kr 1.960.080.



LÆRDAL KOMMUNE

Tertialrapport 1 – 2020



Løytnantsbrygga i Lærdal. Foto: Jan Christian Jerving

Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Hovudtal økonomi	4
3	Kommentarar knytt til dei ulike ansvar	6
3.1	Ansvar 100 – Folkevalde organ:	6
3.2	Ansvar 110 Rådmann	6
3.3	Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn	6
3.4	Ansvar 112 – LNU	6
3.5	Ansvar 113 – Stab/Støtte	9
3.6	Ansvar 114 – Plan og Forvaltning.....	9
3.7	Ansvar 115 – Eigedomsforvaltning.....	9
3.8	Ansvar 116 – Landbruk.....	9
3.9	Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter	10
3.10	Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage.....	10
3.11	Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule.....	10
3.12	Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta	11
3.13	Ansvar 131 – Helse	11
3.14	Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester	12
3.15	Ansvar 133 – Pleie og omsorg	12
3.16	Ansvar 134 – Barnevern	13
3.17	Ansvar 135 – Flyktingtenesta	14
3.18	Ansvar 136 – LMS	15
3.19	Ansvar 137 – Matforsyning	15
3.20	Ansvar 151 –Kultur og formidling	15
3.21	Ansvar 162 – 164 Teknisk drift.....	16
3.22	Ansvar 163 - Sjølvkost VA.....	16
4	Investeringar	17
5	Sjukefråvere	19

1 Innleiing

Lærdal kommune har vedteke at administrasjonen skal utarbeide tertialrapportar.

Føremålet med rapportane er å gje ein statusrapport over økonomien samt ei prognose for resten av året.

1. tertial syner at Lærdal kommune ligg an til eit meirforbruk på kr 2,1 mill i forhold til budsjett. Det er på Pleie og omsorg og Helse at me har dei store utfordringane. Utfordringar som følgje av koronasituasjonen kan forklara noko av overskridingane, men mykje skuldast andre faktorar. På Helse har vi ikkje lukkast med å rekruttere fastlegar og vi er difor avhengige av innleige frå vikarbyrå, dette er svært kostnadskrevjande. På Pleie og omsorg fekk me inn ny einingsleiar 1. mai. Eininga har hatt stort sjukefråvær og koronasituasjonen har auka utfordringane ytterlegare med at ein har måtte gjort mange førebuingar. Dette har kravd ekstra personell. Også i denne eininga har me hatt inne hjelp frå vikarbyrå. Det har også vore ein betydeleg inntektssvikt i brukarbetaling inne på institusjonen.

Kommunen har foreløpig fått auka løyvingar tilsvarande kr 1,9 mill for å dekke kostnadar knytt til koronasituasjonen. Alle kostnadar som er knytt til denne situasjonen vert ført mot eit prosjektnummer, ved utgangen av 1. tertial er det ført ein halv million mot på dette prosjektet. På grunn av dei usikre tidene ligg lønsveksten an til å bli lågare enn venta, under 2% mot 3,6% som tidlegare var estimert. Dette vil utgjere ein gevinst på nærare 1,5 millionar for Lærdal kommune då det er sett av 3,3 millionar i lønsreguleringsfond.

På inntektssida ser vi ein svikt i prognosene på både inntektsskatt og konsesjonskraft, desse tala er usikre. Prognosen på rammetilskot er auka, noko av dette er knytt til koronasituasjonen. Dei samla konsekvensane av koronasituasjonen er foreløpig veldig usikre.

Alle leiarane i kommunen er utfordra på å utøve tett kostnadskontroll. Det vil vere tett budsjettoppfølging med alle leiarane. Leiarane er spesielt utfordra på overtidsbruk.

2 Hovudtal økonomi

Prognose 1.tertial 2020

Ansvar	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Framskriven Prognose pr.30.04.20	Avvik	
				Framskriving	Årsbudsjett
100 - Folkevalde	3 589 235	3 486 000	3 520 029	-34 029	
110 - Rådmann	2 417 636	2 577 900	2 395 974	181 926	
111 - Kyrkja og andre trussamfunn	2 904 107	2 764 700	2 764 700	0	
112 - LNU	-1 003		0	0	
113 - Stab/støtte	12 565 636	12 959 600	12 886 037	73 563	
114 - Plan og forvaltning	1 026 379	1 639 000	1 612 177	26 823	
115 - Eigedomsforvaltning	-882 827	-1 632 400	-1 619 280	-13 120	
116 - Landbruk	1 651 270	1 846 900	1 816 169	30 731	
120 - Borgund oppvekssenter	6 167 087	6 530 000	6 575 385	-45 385	
123 - Lærdalsøyri barnehage	10 521 126	11 808 500	11 961 077	-152 577	
129 - Lærdaløyrisule	22 363 949	22 630 800	22 705 214	-74 414	
130 - Bu og miljøteneste	14 327 548	16 753 000	16 762 182	-9 182	
131 - Helse	6 599 152	6 463 500	8 154 502	-1 691 002	
132 - NAV kommune	3 610 197	3 687 300	3 536 021	151 279	
133 - Pleie og omsorg	37 007 305	35 058 800	37 468 230	-2 409 430	
134 - Barnevern	4 689 430	5 029 400	4 963 406	65 994	
135- Flyktningtenesta			0	0	
136 - Sogn LMS	3 771 211	4 044 800	4 006 636	38 164	
137 - Matforsyning	2 372 932	3 499 000	3 299 578	199 422	
151 - Kultur og formidling	4 342 360	5 939 400	5 940 323	-923	
162-164 - Teknisk drift	15 839 373	17 546 900	17 512 971	33 929	
163 - Sjølvkost vatn og avløp		-875 000	-875 000	0	
Avsetning til lønsreguleringsfond		3 300 000	1 800 000	1 500 000	
Pensjon ufordelt	-403 758				
Sum netto utgifter drift	154 478 345	165 058 100	167 186 331	-2 128 231	

Inntekter/Utgifter utanom ansvarsområda over:

Skatt på inntekt og formue		74 863 000	73 177 000	1 686 000
Rammetilskot		74 501 000	76 993 000	-2 492 000
Eigedomsskatt		15 500 000	15 500 000	0
Rentekompensasjon eldreomsorg/tilskot		669 000	669 000	0
Rentekompensasjon skule/tilskot		107 000	107 000	0
Konsesjonsavgift		7 402 000	7 402 000	0
Konsesjonskraft netto		18 000 000	16 976 589	1 023 411
Renteinntekter		550 000	550 000	0
Utbytte SFE		1 000 000	1 000 000	0
Utbytte Okken Kraft A/S		7 000 000	7 000 000	0
Mottekne avdrag på lån		100 000	100 000	0
Renteutgifter		-6 700 000	-6 700 000	0
Avdrag på lån		-13 100 000	-13 100 000	0
Avsetning til disposisjonsfond		-5 110 900	-5 110 900	0
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)		-7 402 000	-7 402 000	0
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)		-100 000	-100 000	0
Avsetning til næringsfond (mottekne renter)		-350 000	-350 000	0
Avsetning til auka pensjonskostnader		-500 000	-500 000	0
Midlar til ressurskrevande brukarar				0
Avsetning til vedlikehaldsfond		-1 000 000	-1 000 000	0
Bruk av disposisjonsfond				
Overføring investeringsbudsjett				
Sum inntekter/utgifter		165 429 100	165 211 689	217 411
Netto resultat		-	332 398 020	-1 910 820

Skatt:

Lærdal kommune vedtok i budsjett for 2020 ein skatteinngang på kr 74 863 000,- Dette var i tråd med KS sin 3-årige prognose. KS sin nye prognose pr 18. mai 2020 etter at RNB er lagt fram er endra til kr 73 177 000. Dette er 1,686 mill under budsjett.

Rammetilskot

KS sin prognose for rammetilskotet til Lærdal kommune var vedteke med kr 74 501 000 i budsjett 2020. KS sin nye prognose pr 18.mai 2020 etter at RNB er lagt fram er endra til kr 76 993 000 som er 2,492 mill over budsjett.

Eigedomsskatt.

Det er pr. 1. tertial utfakturert eigedomsskatt på kr 7 755 725. Grunnlaget for eigedomsskatten vert berekna av Skatteetaten etter innsende opplysningar frå selskapa. Samla budsjett for 2020 er kr 15,5 mill. det er 1,1 mill over opprinneleg budsjett 2020, men det vart gjort ei budsjettendring i Kommunestyret 7 mai slik at Prognosen for 2020 er lik budsjett.

Konsesjonskraft

Då me i januar 2020 fekk melding om at OED hadde fastsett konsesjonskraftprisen for 2020 låg Lærdal kommune ann til ei netto inntekt på Kr 18 215 712. Budsjettet for 2020 var på kr 16,5 mill. Då reelle tal for februar kom i slutten av mars låg det an til ein prognose på 17,8 mill, grunn til dette er områdeprisen som no ligg vesentleg under systemprisen. Hovedårsaka til dette er at det er redusert kapasitet frå sør Norge mot Sverige på grunn av kabelbrot, samt at magasinfylling og snømengde er veldig høg i vårt område, slik at dette er noko ein må rekne med dei neste månadane også. Det bergar seg litt på nettleiga som fortsatt er svært låg, delvis på grunn av mild vinter og lite forbruk.

Prognosen for konsesjonskraft etter 4 månader (tala som kom 15 mai) med reelle tal syner inntekter tilsvarande 16,976 mill.

Slik ein ser tala no burde ein ikkje ha gjort budsjettending, og ein må mest truleg gjer ny budsjett endring på konsesjonskrafta etter 2. tertial når ein har meir sikre tal.

Statstilskot Flyktingar

Det er komme inn kr 1 378 000,- i statstilskot flyktingar. Dette beløpet vert sett på bundne fond og kostnader til flyktingtenesta vert trekt av fondet.

Utbytte

Utbytte er budsjettert me til saman kr 8 mill, prognosen er lik budsjett.

Rentekompensasjon

Rentekompensasjon for skule og barnehage er budsjettert med kr 776 000.

Renteinntekter

Renteinntekter er budsjettert med kr 550 000,- prognosen er sett lik budsjett. Prognosen er usikker då renta på innskot pr i dag er låg

Renteutgifter

Renteutgifter på lån til egne investeringar er sett til kr 6 000 000, prognosen er lik budsjett. Rentemarknaden er usikker, men slik det er no er renta på lån låg. Lærdal kommune har 1. lån kr 68 609 440 med bunde fastrente fram til 2023.

Avdragsutgifter

Avdragsutgifter er sett til kr 13 100 000, prognosen er lik budsjett.

Kommentarar knytt til dei ulike ansvar

2.1 Ansvar 100 – Folkevalde organ:

Under dette ansvaret ligg sentrale folkevalde organ, kommune/stortingsval, stønad politiske parti, kontrollutval og revisjon og råd for eldre og funksjonshemma

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
Folkevalde organ	1 127 491	3 520 029	3 486 000	-34 029

Prognosen for Folkevalde organ viser etter 1 .tertial eit lite overforbruk. Dette vil truleg reduserast då ein slik stoda er i dag spare inn på reiseutgifter m.m. Det er og kostnadsført lite på tenestefrikjøp, men i rapporten er forbruke sett lik budsjett då det er litt tidleg å sei om det ligg etterslep her.

2.2 Ansvar 110 Rådmann

Ansvar 110 inneheld rådmann og hovudtilitsvald

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
Rådmann	876 369	2 395 974	1 577 900	181 926

Prognosen for Rådmann viser kr 181 000 i mindreforbruk når ein framskriv prognosen etter 1 tertial. Vel ein å tilsett slik at organisasjonkartet er komplett vert mest truleg ansvar 110 gå i balanse.

2.3 Ansvar 111 – Kyrkja og andre trussamfunn

Overføring til kyrkja er på budsjett. Overføring til andre trussamfunn kjem ikkje før i oktober, og ein teke sikte på at budsjettert beløp held.

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
Kyrkla og andre trussamfunn	1 327 350	2 764 700	2 764 700	0

2.4 Ansvar 112 – LNU

Ansvar 112 som omfattar tilskot som vert gjeve av Lærdal næringsutvikling A/S og vert dekkja over nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Lærdal kommunestyre har vedteke ein rammeplan for nærings- og konsesjonsavgiftsfondet i Lærdal kommune for 2020, i tråd med tilråding frå styret i Lærdal Næringsutvikling AS.

Status for bruk av fondet ved utgangen av 1. tertial:

Formål	Budsjett	Løyvd	Rest til løyving
Marknadsbidrag Visit Sognefjord	633 000	632 998	2
Disponert av kommunestyre/formannskap	500 000	26 820	473 180
Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS – tilskot	1 669 000	1 288 937	380 063
Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS – drift	1 700 000	1 700 000	0
Landbruk	600 000	334 000	266 000
Klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet	300 000	200 000	100 000
Arrangement	600 000	400 000*	200 000
Tilrettelegging for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av kommunen	1 000 000	1 000 000	0
Renter på lån på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål	250 000	250 000	0
Utbygging av breiband på Frønningen – kommunal eigendel	150 000	150 000	0
Totalt	7 402 000	5 382 755	1 419 245

*400 000 som var sett av i rammeplanen til lønsmidlar arrangementskoordinator

Kommentarar

P1 Marknadsbidrag til Visit Sognefjord

Årleg marknadsbidrag frå Lærdal kommune til Visit Sognefjord.

P2 Disponert av kommunestyre/formannskap

Midlar disponert av Lærdal kommune v/kommunestyret eller formannskapet til diverse tilskot/løyvingar som ikkje ligg innanfor LNU sitt virkeområde.

Løyvd til	Løyving
Lærdal Båteigarlag	kr 10 820
Oskar Brugrand A/S	kr 15 000
Totalt	kr 28 820

P3a Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - tilskot

Sum til fordeling i tilskotssaker som ikkje kjem inn under andre postar i rammeplanen.

Løyvd til	Formål	Løyving
Ivar Raa – Investering i maskinpark		560 000
Lærdal Grønt – Studietur		45 000
Folkeuniversitetet Vestland – Norskurs		45 937
Lærdal elveigarlag – Forprosjekt Utbetring av Lærdalsekvi		50 000

Visit Sognefjord – Forprosjekt Bike & Hike	45 000
Nærøyfjorden verdsarvpark – Forprosjekt Verdsarvsenter	50 000
Haugsfukt – Bedriftsutvikling og investering	298 000
Frk. Engsbråten – Investering	50 000
Kongevegbedrifter Filefjell SA – Utviklingsprosjekt	65 000
Smak av Sogn – Investering	80 000
Totalt	1 288 937

P3b Disponert av Lærdal Næringsutvikling AS - drift

Midlar til drift av næringssekskapet.

P4 Landbruk

Sum til fordeling i landbruksrelaterte saker, avgrensa til det som skal gje tilskot i samsvar med tiltaksplanen for landbruk.

Løyvd til	Formål	Løyving
Øystein Bøe	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Kasper Nedrehegg	Eigarskifte på gardsbruk	50 000
Freyja Vin AS	Dyrking av vindruer	166 000
Totalt		266 000

P5 Klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet

Midlar øyremerka klimatilpassing og klimareduserande tiltak i næringslivet.

Løyvd til	Formål	Løyving
Lærdal kommune	Klimakoordinator	200 000
Totalt		200 000

P6 Arrangementsutvikling

Midlar øyremerka arrangementsutvikling, i samsvar med utarbeida retningsliner. Det er sett av 400 000 kr. til lønsmidlar arrangementskoordinator i denne potten, men ikkje kome søknader om tilskotsmidlar frå potten per 30.04.2020.

P7 Tilrettelegging for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av kommunen

Ramme øyremerka tilretteleggjande arbeid for nærings- og/eller stadsutvikling i regi av Lærdal kommune for å støtta opp under prioriterte satsingar i arbeidet med næringsutvikling, t.d. Håbakken Næringspark og tettstadutviklingsarbeidet.

P8 Finanskostnader på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål

Ramme øyremerka finanskostnader på næringsinvesteringar i tråd med fondet sitt føremål

P9 Utbygging av breiband på Frønningen – kommunal eigendel

Ramme øyremerka Utbygging av breiband på Frønningen – kommunal eigendel

2.5 Ansvar 113 – Stab/Støtte

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	hitill i år	årsslutt	2020	
113 Stab og støtte	4 538 435	12 886 037	12 959 600	73 563

Ansvar 113 går med eit lite mindreforbuk slik det ser ut etter 1. tertial.

2.6 Ansvar 114 – Plan og Forvaltning

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	hitill i år	årsslutt	2020	
114 Plan og forvaltning	1 014 843	1 612 177	1 639 000	26 823

Plan og forvaltning ligg an å gå i balanse i 2020.

2.7 Ansvar 115 – Egedomsforvaltning

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
115 Egedomsforvaltning	- 356 032	-1 619 280	-1 632 400	-13 120

I dag er situasjonen slik at vi har fleire aldersbustadar/ omsorgsbustadar som ledige. Det vil sei at vi forsvikt i inntektene for utleige.

2.8 Ansvar 116 – Landbruk

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	hitill i år	årsslutt	2020	
116 Landbruk	436 960	1 696 169	1 726 900	30 731

Plan og forvaltning ligg an å gå i balanse i 2020

2.9 Ansvar 120 – Borgund oppvekstsenter

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
120 Borgund oppvekstsenter	2 414 852	6 575 385	6 530 000	-45 385

Oppvekst Borgund ligg an til eit meirforbruk i overkant av 45000,-

Dette skuldast i hovudsak vikarbruk på skulen for arbeidstakar i risikograppa som er friteken frå undervisning grunna smittefare.

Det må takast høgde for 20% ekstra lønskostnader for pedagog frå 01.08.20 grunna 20% meir administrasjonstid for ny einingsleiar.

2.10 Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
123 Lærdalsøyri barnehage	4 534 571	11 961 077	11 808 500	-152 577

Lærdalsøyri barnehage har ved 1. tertial eit overforbruk på kr 152 577. Utgangspunktet for prognosen er at barnehagen har normal drift med alle tilsette på plass frå nytt barnehageår.

Overforbruket er knytt til situasjonen med Covid-19, som har vore gjeldande sidan 12 mars. I barnehagen er to stillingar (190%) ute av drift på grunn av at dei tilsette er i risikograppa. Desse må vikarierast fullt ut, og barnehagen får ikkje refusjon. I tillegg kjem nokre auka utgifter til personalet knytt opp til smittevern og organisering av barna.

Det vert spart inn lønnsutgifter i om lag to månader ved at styrar er ute, og er erstatta av andre i oppvekstadministrasjonen innanafor vanlege rammer. I tida da barnehagen var heilt stengt på grunn av Covid-19, vart det spart noko vikarutgifter. Manglande foreldrebetaling blir refundert frå sentralt hald, dette er tatt med i prognosen.

I haust halvåret er den einast moglegheita til å komme i balanse å forsøke å halde eit lågt sjukefråvær, og på den måten spare så mykje som mogleg på utgiftene til vikarar.

2.11 Ansvar 129 – Lærdalsøyri skule

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
129 Lærdalsøyri skule	7 671 937	22 705 214	22 630 800	-74 414

Prognosen etter 1.tertial viser at ansvar 129 ligg an til eit overforbruk på kr. 74 414,- Dette skuldast auka bruk av pedagog for å kunne ivareta smittevern i klassane i forhold til Corona. I prognosen er den auka bruken teke med ut skuleåret. Det er og nytta noko meir bemanning på SFO av same grunn.

2.12 Ansvar 130 – Bu- og miljøtenesta

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	hitill i år	årsslutt	2020	
130 Bu- og miljøteneste	6 755 902	16 762 182	16 753 000	- 9 182

Bu og miljøtenesta har i løpet av fyrste tertial 2020 hatt ein auke i tenesteomfang som igjen fører til at ein må styrke bemanninga i tenesta. Det er utarbeida ny bemanningsplan og kostnadsoversikt. Etter vedtak i kommunestyret vart råma auka med 1,8 millionar kroner. Etter korrigering av budsjettpostane etter fatta vedtak ser ein at ein er innanfor tildelt råme pdd.

Utfordringa har vore å få dekkja opp den daglege drifta med ekstravakter. Mykje ekstravakter fører til høgare overtidbruk som igjen er ei dyr løysing for kommunen. I tillegg er det utfordrande for leiar å dekke den daglege drifta med ekstravakter då dette er svært tidkrevande.

Bu og miljøtenesta vil etter vedtak om auka råme no kunne lyse ut etter faste stillingar. Det fører til meir forutsigbarheit økonomisk og betre kvalitetet på tenesta.

Koronakrisa har til tider vore krevande for bu og miljøtenesta men ikkje påført tenesta store kostnader.

Nokon av aktivitetane blei stengt/avlyst. Personal har difor blitt nytta i andre funksjonar og ansvar slik at ein har fått best mogleg ressursarutnytting. Personalet har vore svært samarbeidsvillige og løysingsorienterte i denne perioden.

Utfordringa framover vil vere å få på plass faste stillingar snarast råd. Samt få ei forsvarleg ferieavvikling. Ein må til ei kvar tid følgje den daglege drifta og sjå på gode løysingar på tvers i heile tenesta og kommunen. Behov kan endre seg frå dag til dag og ein må disponere ressursar og midlar der det trengst mest.

2.13 Ansvar 131 – Helse

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
Sum ansvar 131 Helse	4 085 071	8 154 502	6 463 500	-1 691 002

Perioden me har, og fortsatt er inne i med korona, har vore krevjande for Helse budsjettmessig. Me har hatt auka utgifter på legesida, då me har hatt inne ein ekstra lege for å kunne vere med å bemanne opp ein planlagd Kohort institusjon på Grandane hotell. Det har også vore eit auka forbruk av medisinsk forbruksmateriell på grunn av innkjøp av smittevernustyr og desinfeksjonsmiddel. I same periode har det også vore reduserte inntekter då pasientane vart oppmoda til å avbestille timar som ikkje var naudsynte.

I tillegg til dette har me også hatt vikarar frå vikarbyrå, då me har hatt ein lege som har vore i permisjon og ei har vore sjukmeld. Sistnevnte sa opp stillinga si i byrjinga av februar. I ein periode i vinter hadde me på det meste tre vikarar for tre fastlegar. Dette gav ei ustabil og høg utgift i ein periode med nesten inga inntekt. Legebemanninga er fortsatt ei utfordring som det vil jobbast ekstra med framover.

På grunn av koronapandemien var fysioterapeutane stengd frå 12.mars og fram til 20.april etter krav frå myndigheitene og hadde i denne perioden inga inntekt. Etter oppstart og ut april har dei hatt reduserte inntekter då dei har måtta overhalde smittervernet.

2.14 Ansvar 132 – NAV/Sosiale tenester

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
132 NAV kommune	1 156 053	3 536 021	3 687 300	151 279

Den maskinelle budsjettbalansen er pr. 1. tertial rekna til ein prognose på om lag kr 150.000 i pluss etter ei teknisk vurdering. Tenesteleiar kan legge til at ei nærare vurdering gjer det meir sannsynleg med eit mindre innsparingsbeløp. Ein kan merke seg at nokre av dei budsjetterte rekningane frå stat og andre kommunar ikkje er komme inn, og er uteståande. I tillegg ligg sosialhjelpa som prognose ca. kr 118000 i overforbruk. Kontoret har spart ein beløp på ca kr 64000 i vakanse fyrste 4 månader. Ein kan pårekne ytterlegare kr 80.000 grunna ulønna omsorgspermisjon, som vert helde vakant ut året. Ved delvis omdisponering av personell internt, vil vi greie arbeidsoppgåvene. Kr 144000 i sparte lønsutgifter mot kr 118000 i overforbruk til sosialhjelp, gir netto overskot kr 26000. Vi har også eit budsjett til Kvalifiseringsstønad med usikker prognose, og som kan medverke til noko innsparing i tillegg. Estimert innsparing i 2020, kr 50000 – 100000. NAV Lærdal har motteke to tilskot dette tertial. Prosjektet «Ferie for alle» kr 63000, og «Springbrettet» ei tilleggslyving på kr 407333. Ferie for alle er frå Bufdir, og eit tilskot for at vi kan arrangere eit ferietilbod til flyktningar med fokus på deira born. Springbrettet er ei ungdomssatsing finansiert av Fylkesmannen.

2.15 Ansvar 133 – Pleie og omsorg

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
133 Pleie og omsorg	14 688 287	37 468 230	35 058 800	-2 409 430

Prognosen for 2020 viser eit overforbruk på 4,4mill. ved budsjett end, pr 1 tertial.

Det er to store postar som her peikar seg ut. Den eine er reduksjon i brukarbetaling på 2,1 mill. Dette har samanheng med med at bebuarar som utgjorde vesentleg stor inntekt har falle frå. Ved inngangen til 2020 hadde vi 4-5 bebuara ved LBO som åleine beatlte like mykje som tre andre bebuarar. Det var budsjetert med faktisk innbetaling som desse storebetalarane genererte av inntekter, og ikkje eit snitt av ulike betalarar. Når dei så fell vekk får ein eit stort inntekstap.

I tillegg har vi for fyrste gong sidan vedtaket om reduksjon av plassar til 18 langtids og 4 kortidsplassa, komme ned på dette talet. Pr dags dato har vi ledige plassar. Budsjettet var nok lagt på eit høgare belegg.

Den andre store posten er bruken av overtid både ved Lærdal bu og omsorgsheim(574 0341) og heimetenestene (424 945) pr 30.04.20.

Lærdal bu og omsorgsheim hadde ved oppstart av ny turnus i januar 2020 fleire vakante stillingar som sjukepleiarar/ vernepleiarar og for tida ingen vikarar inne. Pleie og omsorg tenester ved institusjon skal ha denne kompetansen tilstades 24/7. For å kunne dekke dette var ein nøydd til å bruke dei som allereie var i full stilling i turnus, både i form av ekstravakter og forskyvingar. Dette genererer overtid.

Turnusen til heimesjukepleia hadde også vakant nattevakt på tre av fire helgar. Her var ein også nøydd til å ty til forskyvingar og ekstravakter.

I tillegg har vi hatt fire sjukepleiarar ute i utdannings permisjonar, og langstidsjukemelde sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. For å dekke inn dette har det vorte meirarbeid på dei som var att, noko som ofte utløyser overtid eller forskyvd overtid.

I tillegg var turnusen som var utarbeid av ekstern konsulent, utarbeidd slik at ein ikkje fekk overlapp av personalet ved vaktskifte, eller at avdelingar var utan bemanning i ei tid. Dette let seg ikkje gjennomføre, og ein laut be personalet jobbe lengre skift.

Handsaming av Covid -19 pandemien har også generert eit høgare forbruk av fastlønn.

Ved ny turnus frå 4 mai 2020 vart det teke høgde for vakante stillingar og overlapp ved vaktskifte. Ein har også hyra inn vikarar for å dekke opp sjukepleiar mangelen. På sikt lyt vi få desse stillinga bemanna ved å lyse dei ut.

Overtidsbruken ser ein no har gått ned etter at ein har fått inn vikarar og enkelte vakante stillingar er bemanna. Men ein lyt halde ein stram kontroll med bruk av overtid framover.

I tillegg har vi klart å redusere eit årsverk ved heimetenesten etter at vedtaktsida har endra seg med brukarsamansetningen.

2.16 Ansvar 134 – Barnevern

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
134 Barnevern	795 408	4 963 405	5 029 400	65 995

Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette innebærer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar.

Barnevernet deltek i prosjekt «På tvers».

Viktige hendingar:

- På grunn av korona krisa har barnevernet hatt mindre høve til å fysisk treffe barn og familiar. Alle tilsette har jobba på heimekontor i ein lengre periode. Dette har gjeve ein bratt læringskurve i høve både alternative møter og korleis me fyljer opp familiar. Det har ikkje vore nokon akutte hendingar i perioden, og tenesta har internt laga gode rutinar for oppfylging og prioritering av saker.

Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er satt litt på vent grunna omstende kring korona, men vil bli tatt fram att no og vere i sving att til hausten.
- Ingen fristbrot
- Utarbeide kompetanseplan for tenesta i løpet av året.

Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette har tært på leiarressursen inn mot personal og utviklingsarbeid. Når det no har stabilisert seg vil fokus ligg på utviklingsarbeid både fagleg og opp mot personal.

Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

Økonomi/ressurs:

Budsjett	Prognose	Avvik i %
5 029 400	4 963 406	98,7

Tenesta ligg nesten på budsjett, men det må takast omsyn til at ikkje alle tiltak er fullt ut satt i gang som fylje av korona krisa. Foreløpig er det ikkje grunn til å tru at tenesta skal gå over ramma, men dette er for tidleg å konkludere på etter fyrste tertial.

Sjuefråver:

Pr. 30.04 i år	Pr. 30.04 i fjor
4,46	23,44

Sjuefråveret har gått drastisk ned, per i dag er det ein gradert sjukemelding grunna helseplager. Dette vert fylt opp med oppfylgingsplan og tilrettelegging.

2.17 Ansvar 135 – Flyktingtenesta

		Regnskap	Buds(end)
		2020	2020
Ansvar:	135 Flyktingtenesta		
24220	FLYKTINGEKONSULENT	791 269	- 4 258 000
27500	INTRODUKSJONSSTØNAD	1 104 788	4 258 000
	Sum ansvar: 135 Flyktingtenesta	1 896 057	-

Kostnadar på ansvar 135 Flyktingteneste vart ført mot fond.

2.18 Ansvar 136 – LMS

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik
	hitill i år	årsslutt	2020	
136 LMS	1 795 982	4 006 636	4 044 800	38 164

Grunna den pågåande koronapandemien, såg ein for seg at det ville verte behov for fleire vikarar for å sikre forsvarleg drift. Det vart tilsett tre nye vikarar som skulle bidra ved større sjukefråver som følgje av koronasmitte. Dette har ført til auka utgifter på bruk av vikarar.

Eininga har hatt ein del langtidsmeldt sjukefråvæer som har medført at ein har måtte nytta ein del overtid, i tillegg til vikarar for å sikre ei forsvarleg bemanning og gode tenester til innbyggjarane.

Etter kvart som vekene og månadane har gått etter koronautbrotet, har det generelt vore mindre aktivitet både på dei kommunale akkuttseingene, legevakta og legevaktsentralen. Spesielt på legevaktsida som står for ein stor del av inntektene, har pandemiene ført til eit større inntektstap som er vanskeleg å berekna. Konsekvensane av dette er difor vanskeleg å forutsjå enno.

Utfordringane framover vil vere å greie å dekke opp vakter i samband med ferieavvikling. Ein var tidleg ute med å lyse ut stillingar for ferievikarar utan at dette har gitt resultat. Ein har sett på alternativ, men ikkje funne noko god løysing. Som følgje av dette må ein nytte ein del av dei faste tilsette, noko som vil utløyse overtid.

Det er lyst ut eit vikariat eksternt for ei tilsett som er sjukemeld og skal ut i fødselspermisjon etter sommaren. Ein satsar på å greie å få tilsett nokon inn i denne stillinga snarast mogeleg. Mykje av bemaningsproblema vil då løyse seg både under- og etter sommarferien.

2.19 Ansvar 137 – Matforsyning

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
137 Matforsyning	1 082 833	3 299 578	3 499 000	199 422

Ansaret ligg an til mindreforbruk i 2020. Kjøkkenet på LBO helde budsjett godt og vi skal fortsette og gjere den gode jobben med å holde oss der vi skal.

2.20 Ansvar 151 – Kultur og formidling

	Rekneskap	Prognose	Budsjett	Avvik i
	hitill i år	årsslutt	2020	Kroner
151 Kultur	2 417 753	5 940 323	5 939 400	-923

Ved 1. tertial 2020 er kultur så og seie i balanse, med eit lite eit overforbruk på kr. 923.

Kinoen har reduserte inntekter dei siste månadene på billett- og kiosksal, men får også mindre utgifter til filmleige. Også i andre einingar, som bibliotek, ungdomsklubb, kulturskule og kulturkontor (arrangement), har Covid-19 ført til mindre aktivitet. Dette påverkar rekneskapen i liten grad fordi mindre utgifter og tapte inntekter går opp i opp.

Lønsutgiftene ligg stort sett der dei skal. Bruktbutikken er skilt ut som kommunalt føretak, og skal ha sitt eige rekneskap framover.

2.21 Ansvar 162 –Teknisk drift

	Rekneskap hitill i år	Prognose årsslutt	Budsjett 2020	Avvik i Kroner
162 Teknisk drift	6 575 653	17 512 971	17 546 900	33 929

Prognosen syner her mindre avvik i høve budsjett.

Tvangsmulkt frå KOFA samt forlik med entreprenør er halde utanfor prognosa. Dette vert handtert som del av saksutgreiinga.

2.22 Ansvar 163 - Sjølvkost VA

Ansvar: 163 Sjølvkost vatn og avløp		Buds(end) 2020	Prognose 2020	Avvik 2020
34000	PRODUKSJON AV VATN	1 664 500	1 746 493	- 81 993
34500	DISTRIBUSJON AV VATN	- 2 102 000	- 2 258 909	156 909
	Avsetning/bruk av fond		74 916	- 74 916
35000	AVLØPSRENSING	1 022 500	1 100 862	- 78 362
35300	AVLØPSNETT	- 1 460 000	- 1 731 705	271 705
	Avsetning/bruk av fond		193 343	- 193 343
	Sum 163 Sjølvkost vatn og avløp	- 875 000	- 875 000	-

Tenesta vil gå i balanse. Eit eventuelt overskot/underskot vert justert mot bundne fond.

3 Investeringar

	Rekneskap		Budsjett		Status	
	2020		2020		Pr 1. tertial	Status
20001 Lokal IKT platform	kr	46 978,00	kr	550 000,00		IKT-prosjekt er i rute
20002 IKT Oppvekst	kr	-	kr	100 000,00		IKT-prosjekt er i rute
20003 Elev PC/ Nettverk	kr	45 224,00	kr	400 000,00		Det vil vere behov for meir midlar om ein skal kunne kjøpe inn ipad og fornye pc'ane. Dette skuldast delvis ei svekka norsk krone.
20004 Ny Visma modul	kr	-	kr	100 000,00		IKT-prosjekt er i rute
20005 Nettverksutstyr	kr	-	kr	100 000,00		IKT-prosjekt er i rute
20006 Acos oppgradering versjon 7.1 og eigendom	kr	-	kr	100 000,00		Acos Eigedom under vurdering
20007 Flaumsikring Lærdalsøyri	kr	-	kr	500 000,00		Reguleringsplanarbeid for sikring av Lærdalsøyri. Synfaring med NVE, kanskje før sommaren. Prosjektet må nedskaleras, må ha ny tiltaksplan.
20008 Varmepumpe/fjernvarme	kr	7 760,00	kr	4 370 000,00		Utrede alternativ for å få anlegget til å fungera.
20009 Oppgradering av kommunale bruer	kr	-	kr	2 750 000,00		Kan utsetjast
20010 Trafikktryggleik snuplass buss saltkjelen	kr	-	kr	465 000,00		Utsendt tildeling til entreprenør.
20011 Trafikkplan oppvekst Lærdaløyri	kr	720 655,00	kr	1 200 000,00		Snart ferdige med trinn 1. Sluttsfaltering.
20012 Næringsområde Håbakken 1	kr	776 768,00	kr	17 600 000,00		Jobbar etter sluttdatoar for Lærdal Grønt. Ferdig oppfylting estimert ut september. Forhandling med Slinde, riving av hus? Hus må rivast i juni. Hus kan rivast på 1 veke.
20013 Arealeffektivisering Lærdal rådhus	kr	-	kr	500 000,00		Kan justerast ned noko. Låsesystem, resepsjon.
20014 Saltkjelen bustadfelt	kr	-	kr	300 000,00		Kan strykast.
20015 Saltkjelen bustadfelt - grunnerverv og opparbeiding	kr	-	kr	4 000 000,00		Plan er ferdig. Forhandlingar med grunneigarar, einigheit om pris. Kan gjennomføre grunnerverv i år, og starte på opparbeiding.
20016 Bustadtomter Lærdalsøyri	kr	-	kr	2 200 000,00		Losjehus vedteke. Plan for Hanseskogen er starta, må regulerast på nytt for ny ekspropriasjonsheimel.
20017 Opprusting kultursal	kr	-	kr	800 000,00		På vent i grunna utskilling av bygg.
20018 HMS brann	kr	11 556,00	kr	8 500 000,00		I rute. Ventar på sluttdato. Kan kome førespurnad om tilleggsbevilling. Samanheng med HMS brann.
20019 Borgund samfunnshus reovering	kr	-	kr	300 000,00		Jobbar med framdriftsplan.
20020 Bussparkeringog andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	kr	-	kr	1 000 000,00		Planlegging i år. Gjennomføring seinare.
20021 Trafikktryggleik - diverse tiltak	kr	-	kr	250 000,00		Gatelys Borgund rundt barnehage og skule.
20022 Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del	kr	-	kr	1 500 000,00		Flaumsituasjonen har ført til fleire naudsynte utbetringar, forbruk er usikkert. Vil kome eksternt finansiering.
20023 Prosjekt Lærdal sjøfrontl	kr	-	kr	1 000 000,00		Planprosessen vert jobba med.
20024 Ny parkeringsplass/turstart ofta vest	kr	-	kr	250 000,00		Ikkje lenger aktuell. Skulle erstatte anna parkering.
20025 Utstyr institusjonskjøkkent	kr	-	kr	120 000,00		Miksar er henta inn tilbod på og vert kjøpt i løpet av året.
20026 Nytt Bibliotekt	kr	-	kr	2 000 000,00		Utsetjast til 2021
20027 Ny ungdomsklubb	kr	-	kr	1 500 000,00		Avhengig av politisk sak
20028 Flytting Psykisk helse	kr	-	kr	600 000,00		Avhengig av politisk sak
20029 KORO prosjekt	kr	-	kr	200 000,00		Avhengig av politiske signal.
20030 Kontorplassar helsesenteret	kr	-	kr	300 000,00		Kan nedprioriterast
20031 Univesiell utforming lege og fysioterapi	kr	-	kr	200 000,00		Må prioriterast
20032 Medesinsk utstyr legekantori	kr	-	kr	150 000,00		Kan utsetjast.
20033 Lys parkeringsplass Borgund	kr	-	kr	200 000,00		Ikkje gjennomført.
20034 Kai Habben overtaking	kr	-	kr	1 500 000,00		Avhengig av politiske signal.
20035 SD- Anlegg	kr	-	kr	250 000,00		Skule, doktorheim, Bergo.
20036 LED- Gatelys	kr	-	kr	300 000,00		Vil bli gjennomført.
20037 Lysprosjekt	kr	-	kr	300 000,00		Kan utsetjast
20038 Lyssetting Lærdalsøyri	kr	-	kr	200 000,00		Hovudgata. Vert jobba med.
20039 Hovudplan avløpi	kr	1 341 749,00	kr	13 000 000,00		Ferdig opp til vannbehandlninga på Hauge. Byrjar på Håbakken so snart som råd, kanskje før sommaren.
20040 Lager/personalfunksjonar Bergo	kr	2 000 000,00	kr	1 300 000,00		Elvekryssing i haust, februar om dette ikkje går.
20041 Hovudplan vassforsyning	kr	2 937 921,00	kr	19 100 000,00		Sjå også prosjekt 20018
Lavvo Borgund	kr	-	kr	-		Same som avløp.
Takoverbygg Borgund	kr	-	kr	-		Vert ikkje tilrådd
TOTALT	kr	7 890 631,00	kr	90 057 020,00		Pristilbod er ikkje innhenta, summen er eit anslag.

Budsjettendringar investering

	Budsjett	Nytt budsjett 2020 Etter 1. tertial	Budsjettendring
20003 Elev PC/ Nettverk	kr 400 000,00	kr 650 000,00	kr 250 000,00
20009 Oppgradering av kommunale bruer	kr 2 750 000,00	kr -	-kr 2 750 000,00
20010 Trafikktryggleik snuplass buss saltkjelen	kr 465 000,00	kr 500 000,00	kr 35 000,00
20013 Arealeffektivisering Lærdal rådhus	kr 500 000,00	kr 350 000,00	-kr 150 000,00
20014 Saltkjelen bustadfelt	kr 300 000,00	kr -	-kr 300 000,00
20020 Bussparkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande	kr 1 000 000,00	kr 250 000,00	-kr 750 000,00
20024 Ny parkeringsplass/turstart ofta vest	kr 250 000,00	kr 60 000,00	-kr 190 000,00
20026 Nytt Bibliotek	kr 2 000 000,00	kr -	-kr 2 000 000,00
20030 Kontorplassar helsesenteret	kr 300 000,00	kr -	-kr 300 000,00
20032 Medesinsk utstyr legekantori	kr 150 000,00	kr -	-kr 150 000,00
20034 Kai Habben overtaking	kr 1 500 000,00	kr -	-kr 1 500 000,00
20037 Lysprosjekt	kr 300 000,00	kr -	-kr 300 000,00
20039 Hovudplan avløpi	kr 13 000 000,00	kr 8 000 000,00	-kr 5 000 000,00
20041 Hovudplan vassforsyning	kr 19 100 000,00	kr 16 000 000,00	-kr 3 100 000,00
Takoverbygg Borgund	kr -	kr 100 000,00	kr 100 000,00
TOTALT	kr 90 057 020,00	kr 73 950 000,00	-kr 16 105 000,00

4 Sjukefråvere

Sjukefråværet i Lærdal kommune fyrste tertial var 8,9% som er opp 1,36% frå fyrste tertial 2019. Det me ser er at i april månad er sjukefråværet nede i 5,23% for heile organisasjonen og me må jobbe aktivt med at denne positive utviklinga held fram. I pleie- og omsorg der me har hatt mange ulike utfordringar, med mellom anna eit særskilt høgt sjukefråværet ser me no at fråværet er på veg ned. Pleie- og omsorg har den siste tida også hatt ei positiv utvikling, i januar hadde dei eit fråværet på 16,93%, i april er fråværet nede på 7,59%.

Eigenmeldingar fyrste tertial er 1,47% og 7,21% for sjukmeldte. Kommunen nyttar i snitt ca kr 532 885.- pr mnd på sjukefråværet.

Organisasjons- og personaleiar følgjer opp sjukefråværet i tett samarbeid med Nav, og me vil halda fram med gruppesamtalar i organisasjonen.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 15/2020 Vurdering av prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	15.6.2020	15/2020

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, setje i verk ein forvaltningsrevisjon av heimeteneste i i samsvar med framlagt prosjektplan frå KPMG.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	Mai 2020	KPMG	Prosjektplan: Forvaltningsrevisjon heimetenesta

SAKSUTGREIING:

Saka var oppe til drøfting i møtet 27.02.2020 og seinare i møtet 27.04.2020.

I møtet 27.04. vart det gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet vil til neste møte be revisor om å lage ein prosjektplan for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som tek utgangspunkt i prosjekt nummer 3 og 4 i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Dette gjeld forvaltningsrevisjon av heimetenesta og forvaltningsrevisjon av tildeling av pleie- og omsorgstenester. Kontrollutvalet vil på bakgrunn av denne prosjektplanen vurdere om ein skal setje i verk ein slik forvaltningsrevisjon.

Vi har vore i kontakt med KPMG – som har rammeavtale med Lærdal kommune i høve til å gjennomføre forvaltningsrevisjon. KPMG har laga eit utkast til prosjektplan basert på plan for forvaltningsrevisjon og overordna analyse 2016-2020, relevant lovverk knytt til heimetenesta, samt informasjon om kommunen henta frå kommunen sine heimesider.

I utkastet til prosjektplan har ein med bakgrunn i føremålet, foreslått fylgjande problemstillingar:

1. Tildeling av heimebaserte tenester

- Kva rutinar har kommunen for tildeling av heimebaserte tenester?
- Korleis fungerer samarbeidet mellom heimetenesta og tildelingskontoret?

- Korleis koordinerast samarbeidet mellom heimetenesta og tildelingskontoret?

- I kva grad er det samsvar mellom tildeling og utføring av heimebaserte tenester?

c. Korleis blir tildelte tenester evaluert?

2. I kva grad har heimetenesta tilstrekkeleg kapasitet til å utføre sine lovpålagte oppgåver?

a. I kva grad er heimetenesta hensiktsmessig organisert?

b. Kor stort er sjukefråværet i heimetenesta?

Det er føreslått ein tidsplan med ferdigstilling i desember 2020/januar 2021. Dette verkar å vere ein forsvarleg tilnærming i og med at storparten av arbeidet vil måtte gjerast etter sommarferien.

Kommunestyret har i budsjettet for 2020 avsett kr 180.000 til gjennomføring av forvaltningsrevisjon. KPMG har foreslått å bruke 180 timar på arbeidet og halde seg innanfor kostnadsramma.

Sekretariatet si vurdering er at prosjektplanen verkar å vere spissa mot relevante spørsmål. Ut frå dette vil ein rå til at ein set i gang denne forvaltningsrevisjonen, med dei endringar som ein eventuelt kjem fram til i møtet.

Forvaltningsrevisor frå KMPG vil ta del i møtet og ville kunne svare på spørsmål/gje avklaringar i høve til eventuelt endringar i bestillinga.

SAK 15
VEDLEGG 1



Prosjektplan

Forvaltningsrevisjon Heimetenesta

Lærdal kommune

Mai 2020

www.kpmg.no

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Førebuing	3
1.3 Forslag til tilnærming	4
2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier	5
2.1 Føremål	5
2.2 Problemstillingar	5
2.3 Revisjonskriterier	6
3. Tilnærming	7
3.1 Metode	7
3.2 Aktivitets- og framdriftsplan	7
4. Utførandre revisorar	9
4.1 Prosjektteam	9
5. Honorar	10

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Lærdal kommune vedtok i møtet 27.04.2020, sak 11/20, å bestille ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av heimetenesta.

Kontrollutvalet ynskte ein forvaltningsrevisjon med ein kombinasjon av heimetenesta og tildeling av pleie- og omsorgstenester. Dette var høvesvis prosjekt nummer 3 og 4 i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020.

1.2 Førebuing

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. KPMG har gjennomført ein prosess for å konkretisere føremål og problemstillingar. Vi har innhenta oversikt gjennom fylgjande dokument:

- ✓ Lovverk knytt til heimetenesta
- ✓ Lærdal kommune sine heimesider
- ✓ Plan for forvaltningsrevisjon og overordna analyse 2016-2020

I den fylgjande delen presenterer vi kort resultatet av den førebuaende analysen, vår tolking av informasjonen og tilråding til fokus i revisjonen.

1.2.1 Lovverk knytt til heimetenesta

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester regulerer kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester. Kommunen skal etter § 3-1 sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudt nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-2 regulerer kva tenester kommunen har ansvar for, irekna helsetenester i heimen og praktisk bistand. Kommunen har etter § 3-4 plikt til samhandling og samarbeid mellom deltenester innad i kommunen og med andre tenesteytarar for å tilby tenestene omfatta av lova.

Det kjem fram av *veileder for saksbehandling tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven* at det skal fattast enkeltvedtak ved tildeling, endring og avslag på helsetenester i heimen, personleg assistanse og brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

1.2.2 Organisering av heimetenesta i Lærdal kommune

Heimetenesta er underlagt eining pleie og omsorg. Heimetenesta består av heimesjukepleia, heimehjelp, ambulerande vaktmester, brukarstyrt personleg assistent (BPA), ambulerande vaktmester, syns- hørselkontakt og ergoterapeut.

Heimesjukepleia omfattar nødvendig helsehjelp som bidreg til å førebyggje vidare sjukdomsutvikling og funksjonssvikt, og/eller setje brukaren i stand til å leve med helsesvikt. Heimesjukepleia tilbyr nødvendig helsehjelp i heimen, informasjon, råd, hjelp og rettleiing. Målet med tenesta er:

- ✓ Grunnleggjande behov blir ivaretatt ved kort- eller langvarig funksjonssvikt
- ✓ Bidra til at den enkelte kan klare seg sjølv i størst mogleg grad, med nødvendig helsehjelp

- ✓ Bidra til at den som mottok hjelp etter kvart vert mest mogleg sjølvhjelpen
- ✓ Førebyggje behov for heildøgns butilbod ved å tilrettelegge slik at dei som kan, får bu i eigen heim så langt det er mogleg og praktisk gjennomførbart

Tenesta blir tildelt personar som bur eller mellombels oppheld seg i Lærdal kommune og som grunna helsesvikt har behov for helsehjelp i heimen. Tildeling av tenester blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonssvikt (IPLOS)¹, helsetilstand og etter individuell vurdering der brukarmedverknad vektleggjast.

Heimehjelpstenesta kan bistå med tilrettelegging og assistanse til praktiske gjeremål som husvask og klesvask. Tenesta blir tildelt etter behov. Målet er å leggje til rette slik at eldre og funksjonshemma kan bu heime så lenge som mogleg.

Tildelingskontoret har ansvar for tildeling av helse- og omsorgstenester i Lærdal kommune, irekna heimetenester. Tildelingskontoret er organisert under rådmannen sin stab.

1.2.3 Plan for forvaltningsrevisjon og overordna analyse 2016-2020

Forvaltningsrevisjon av heimetenesta og tildelinga v pleie- og omsorgstenester er to prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020.

Det kjem fram av overordna analyse frå 2016 at det opplevast å vere ei utfordring å sikre lik tildeling av tenester på tvers av brukarar med like behov, og samsvar mellom tildeling av helsetenester og tenestene som blir utført. Vidare blir det stilt spørsmål om kommunen har ei samla stemme ut mot brukarane eller om ulike delar av kommunen, eksempelvis tildelingskontor og heimetenesta, gir ulike signal til brukarane om kva som er rett tiltak. Det blir også stilt spørsmål om kommunen har gode nok tildelingskriterier som sikrar at det blir tildelt tiltak på rett nivå i omsorgstrappa.

Det kjem fram av overordna analyse at det har vore stor utskifting av personell i heimetenesta. Det blir stilt spørsmål om tenesta har tilstrekkeleg kapasitet, om arbeidsmiljøet er tilfredsstillande og om tenesta er organisert på ein føremålstenleg måte.

1.3 Forslag til tilnærming

Det er viktig at tildelingskontoret har ein einsretta praksis for å tildele tenester, og at det er samsvar mellom tildeling av tenester og utføringa av desse. Vidare er det viktig med eit godt samarbeid mellom tildelingskontoret som tildelar og heimetenesta som utførar av tenester. Vi foreslår i den anledning at revisjonen ser nærmare på praksisen for tildeling av heimebaserte tenester. Her vil vi sjå nærmare på tildelingsrutinar, samarbeidet mellom tildelingskontoret og heimetenesta og praksis for evaluering av tildelte tenester.

Det kjem fram av overordna analyse at heimetenesta i kommunen har hatt utfordringar med utskifting av personell, og det blir stilt spørsmål ved om tenesta har tilstrekkeleg kapasitet. Vi foreslår i den anledning at revisjonen undersøker heimetenesta sin kapasitet til å utføre sine lovpålagte oppgåver. Her vil vi mellom anna sjå på organiseringa av og sjukefråværet i heimetenesta.

¹ IPLOS er eit nasjonalt register som samlar inn informasjon om personar som har søkt om eller mottatt helse og omsorgstenester. IPLOS gir retningslinjer for korleis kommunane skal kartlegge funksjonssvikt hjå brukarane.

2. Føremål, problemstillingar og revisjonskriterier

2.1 Føremål

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om Lærdal kommune tildeler heimebaserte tenester på ein hensiktsmessig måte og om heimetenesta har tilstrekkeleg kapasitet til å tilby brukarane tenester med god kvalitet.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet blir fylgjande problemstillingar føreslegne:

1. Tildeling av heimebaserte tenester

- a. Kva rutinar har kommunen for tildeling av heimebaserte tenester?
- b. Korleis fungerer samarbeidet mellom heimetenesta og tildelingskontoret?
 - Korleis koordinerast samarbeidet mellom heimetenesta og tildelingskontoret?
 - I kva grad er det samsvar mellom tildeling og utføring av heimebaserte tenester?
- c. Korleis blir tildelte tenester evaluert?

2. I kva grad har heimetenesta tilstrekkeleg kapasitet til å utføre sine lovpålagte oppgåver?

- a. I kva grad er heimetenesta hensiktsmessig organisert?
- b. Kor stort er sjukefråværet i heimetenesta?

2.3 Revisjonskriterier

Til problemstillingane stiller vi opp revisjonskriterium. Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot. Revisjonskriterium må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterium vil vere:

- ✓ Kommuneloven
- ✓ Forvaltningsloven
- ✓ Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester
- ✓ Pasient- og brukerrettighetsloven
- ✓ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting
- ✓ Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten
- ✓ Veileder for saksbehandling tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-2 første ledd nr. 6, 3-6 og 3-8 Helsedirektoratet
- ✓ Kommunale planar, rutinar, forskrifter, vedtak og føringar for helse- og omsorgstjenestene

3. Tilnærming

3.1 Metode

For å svare på problemstillingane vil vi samle inn data ved bruk av følgjande teknikkar:

- ✓ Dokumentanalyse
- ✓ Intervju

Vi vil innhente og gjennomgå dokumentasjon frå kommunen som kan gi informasjon om problemstillingane, eksempelvis rutinar for tildeling av tenester og dokumentasjon som gir oversikt over heimetenesta si organisering og kapasitet.

Vi vil gjennomføre intervju med relevante informantar. Føremålet med intervju er å få utfyllande informasjon og forklaringar til dokumentasjonen. Relevante informantar vil blant anna vere leiar for tildelingskontoret og einingsleiar i heimetenesta. Andre relevante respondentar kan også bli intervjuet. Ved gjennomføring av intervju vert det utarbeid intervjuguidar. Frå kvart intervju skriv vi referat som vi sender til kvar enkelt respondent til verifisering.

Det vil utarbeidast ein skriftleg sluttrapport som reiegrer for undersøkinga, funn og tilrådingar. Utkast til rapport vil sendast på høyring til relevante aktørar før det utarbeidast ein sluttrapport. Sluttrapportering til kontrollutvalet vil skje ved framstilling av ein revisjonsrapport. Det vil vere ein raud tråd gjennom rapporten, og rapporten vil vere kvalitetssikra og etterprøvbar.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Vi vil bruke 180 timar på oppdraget, fordelt på hovudaktivitetane planlegging, gjennomføring og rapportering.

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan:

Faser + aktiviteter	Timer	Mai				Juni				Juli				August				September				Oktober				November				Desember				Januar				
		19	20	21	22	23	24	25	26	27	28	29	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	53	1	2
1 Forberede	15																																					
Forundersøkelse	5																																					
Etablere prosjektplan	5																																					
Godkjenning prosjektplan	5																																					
2 Starte opp	10																																					
Sende oppstartsbrev	1																																					
Oppstartsmøte	3																																					
Revisjonskriterier	2																																					
Dokumentliste	2																																					
Intervjuplan	2																																					
3 Gjennomføre	130																																					
Dokumentanalyse	30																																					
Intervjuguide	5																																					
Intervjuer	30																																					
Analyse	25																																					
Kvalitetsikring	10																																					
Rapportutkast	40																																					
4 Rapport	25																																					
Ferdigstille rapportutkast	8																																					
Høring rapportutkast	5																																					
Oversending av rapport	2																																					
Presentasjon KU	10																																					
	180																																					

Forvaltningsrevisjonen vil ha oppstart i juni, etter vedtak i kontrollutvalet. Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vil gå føre seg i september-november. Rapporten vil sendast på høyring til kommunen i desember. Endelig rapport vil leverast til kontrollutvalsmøtet 26. januar.

Vårt forslag til gjennomføringsplan føreset at kommunen sender etterspurt dokumentasjon til oss innan rimeleg tid, samt at vi får tilgang til personar, dokumentasjon og data.

4. Utførandre revisorar

4.1 Prosjektteam

KPMG sitt team ved gjennomføringa av forvaltningsrevisjonen består av følgjande:

- ✓ Oppdragsansvarleg: Harald Sylta
- ✓ Prosjektleiari: Magnus N. Heggen
- ✓ Prosjektmedarbeidar: Veronica S. Kvinge og Mathias W. Johannessen

5. Honorar

Iht avtale (180.000).